

IVAR EIMHJELLEN, HENRIK LITLERÉ BENTSEN OG DAG WOLLEBÆK

Sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrere i Noreg

Ivar Eimhjellen
Henrik Litleré Bentsen
Dag Wollebæk

Sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrere
i Noreg

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Bergen/Oslo 2020

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2020
Rapport 2020:2

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
Co/Institutt for samfunnsforskning
Munthes gate 31
Postboks 3233 Elisenberg
0208 Oslo
www.sivilsamfunn.no

ISBN (print): 978-82-7763-652-8

ISBN (online): 978-82-7763-653-5

ISSN (print): 1891-2168

ISSN (online): 1891-2176

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom NORCE Samfunn og Institutt for samfunnsforskning.

Innhold

| | |
|---|----|
| Innleiing..... | 5 |
| Frivillig engasjement, tillit og integrering | 6 |
| Kva forklarar samfunnsdeltaking? | 8 |
| Forklaringar på individnivå | 9 |
| Innvandrings- og kontekstspesifikke forklaringar | 10 |
| Frivillig engasjement, tillit og andre deltakingsformer | 12 |
| Frivillig arbeid og tillit | 12 |
| Frivillig arbeid og politisk deltaking | 13 |
| Frivillig arbeid og uformell hjelp | 14 |
| Datagrunnlag og metode | 15 |
| | |
| Frivillig arbeid og tillit..... | 17 |
| Tillit, frivillig arbeid og butid..... | 18 |
| Tillit og (tal på) organisasjonstypar..... | 20 |
| Forklaringar på tillit: multipel regresjonsanalyse | 22 |
| Oppsummering og diskusjon | 25 |
| | |
| Frivillig arbeid og politisk deltaking | 27 |
| Politisk deltaking blant innvandrara..... | 27 |
| Politisk deltaking og (tal på) organisasjonstypar..... | 29 |
| Forklaringar på politisk deltaking..... | 33 |
| Oppsummering og diskusjon | 36 |
| | |
| Frivillig arbeid og uformell hjelp til andre | 39 |
| Ulønt omsorgsarbeid og landbakgrunn..... | 40 |
| Ulønt omsorgsarbeid og frivillig arbeid | 41 |
| Forklaringar på ulønt omsorgsarbeid..... | 44 |
| Oppsummering og diskusjon | 47 |
| | |
| Barrierar for samfunnsdeltaking blant polakkar i Noreg | 49 |
| Polsk migrasjon i nyare tid | 49 |
| Barrierar for deltaking | 51 |
| Polsk kultur og tradisjon for frivillig engasjement | 52 |
| Arbeidssituasjon og økonomisk situasjon | 52 |

| | |
|---|----|
| Fysisk, sosial og kulturell nærleik til Polen | 53 |
| Samanbinding i den katolske kyrkja | 54 |
| Språk..... | 54 |
| Oppsummering og diskusjon..... | 57 |
| Oppsummering og avslutning..... | 61 |
| Appendiks | 63 |
| Litteratur | 67 |
| Samandrag/Abstract..... | 73 |

Innleiing

I denne rapporten skal vi følgje opp rapporten *Organisasjonsengasjement blant innvandrarakar* frå 2018 (Eimhjellen og Arnesen, 2018), der spørjeskjemadata frå Statistisk sentralbyrå (SSB) vart brukt for å analysere frivillig engasjement blant innvandrarakar i Noreg. I rapporten vart det mellom anna funne at det er 22 prosentpoeng færre blant innvandrarakar (17 prosent) enn i befolkninga sett under eitt (39 prosent) som seier dei har utført frivillig arbeid det siste året. I denne rapporten skal vi analysere datagrunnlaget frå SSB vidare for å undersøke samanhengar mellom frivillig arbeid og tillit, mellom frivillig arbeid og politisk deltaking og mellom frivillig arbeid og uformelt omsorgsarbeid blant innvandrarakar. Vi ønskjer her å utnytte dette datagrunnlaget som til no kanskje er det beste statistiske materialet for å utforske sivilsamfunnsdeltakinga til innvandrarakar i Noreg. For å følgje opp funn frå 2018-rapporten om eit særdeles lågt engasjementsnivå blant polakkar skal vi òg diskutere årsakene til og bakgrunnen for dette basert på eksisterande litteratur og intervju med representantar for polske frivillige organisasjonar i Noreg.

Eit sentralt perspektiv i rapporten er at sivilsamfunnsdeltaking og sosial tillit kan sjåast som eit mål på sosial integrasjon. Sosial integrasjon handlar om korleis sosialisering, normer og forventningar er med på å skape sosialt samhald, tillit og stabilitet – at individ lærer og tilpassar seg verdigrunnlaget i eit samfunn, som igjen knyter individet til samfunnet, økonomisk og sosialt, og skaper tilhøyrslø og lojalitet (Brochman, 2010). Noko av det som kan hjelpe innvandrarakar til å bli sosialt integrert i samfunnet, er å delta og engasjere seg i sivilsamfunnet og i frivillige organisasjonar. Her kan dei bygge sosiale nettverk, fellesskap og tillit til andre menneske. Ulike innvandrargrupper vil likevel kunne ha ulike føresetnader for å engasjere seg, bygge tillit og bli integrert i eit samfunn. Integreringspotensialet vil vere avhengig av kjenneteikn ved både grupper og individ og av kontekstuelle kjenneteikn ved både samfunna dei kjem frå, og samfunna dei skal integrerast i. Sosial integrasjon, utvikling av tillit og sosiale relasjonar mellom innvandrarakar og majoritetsbefolkning vil for eksempel vere avhengige av historiske, politiske, teknologiske, kulturelle og sosiale faktorar. Dette omfattar mellom anna

faktorar som kultur og språk, sosioøkonomisk bakgrunn, og politisk og sosial kontekst.

Vidare i denne rapporten skal vi først diskutere sentrale omgrep og teoriar omkring sivilsamfunnsdeltaking og integrering, og data og metodegrunnlag. I kapittel 2 skal vi ved hjelp av SSB-data undersøke samanhengar mellom frivillig arbeid og tillit. I kapittel 3 ser vi så på samheng mellom frivillig arbeid og politisk deltaking, og i kapittel 4 undersøker vi samanhengar mellom frivillig arbeid og uformell hjelp til andre. I kapittel 5 skal vi så ved hjelp av eksisterande litteratur og ein intervjustudie undersøke og diskutere nokre av dei sentrale faktorane for at polske innvandrere i Noreg deltar så lite i sivilsamfunnet. Vi avsluttar rapporten med eit oppsummeringskapittel der vi også vil drøfte implikasjonar av funna i rapporten.

Frivillig engasjement, tillit og integrering

Sivilsamfunn og frivillige organisasjonar er viktige arenaer for integrasjon og samfunnsdeltaking, både for befolkninga generelt og for innvandrere spesielt. Frivillige organisasjonar kan fungere som møtestader for menneske med både lik og ulik bakgrunn. I eit deltakardemokratisk perspektiv blir det argumentert for at aktiv deltaking i slike organisasjonar vil vere med og fremje integrasjon, demokratiforståing og sosial og politisk danning, og at det vil kunne overskride særinteresser (Pateman, 1970; Putnam, 2000). Her vil likevel *typen* organisasjon og nettverk ein deltar i, kunne ha mykje å seie for kor godt ein blir integrert, for eksempel om ein deltar mest i organisasjonar som består av personar med same bakgrunn, eller mest i organisasjonar som består av personar med ulik bakgrunn med omsyn til verdiar, kultur, språk, etnisitet, religion eller landbakgrunn. I eit demokratiperspektiv vil det ofte vere dei meir generelle og overskridande nettverka og organisasjonane som er mest verdsett som bidragsytarar til eit godt og heilskapleg samfunnsfellesskap og eit demokratisk samfunn. Likevel: Med eit individretta perspektiv ser vi også at meir homogene grupper og organisasjonar kan ha sentrale funksjonar for å utvikle personleg identitet og skape sosiale nettverk. Slike grupper kan òg fungere som eit første steg på vegen mot integrering – i den forstand at ein den første tida i eit nytt land søker seg til grupper med same bakgrunn for å kunne etablere seg, noko som igjen kan gi grunnlag for vidare integrering i storsamfunnet.

Eit omgrep som er mykje brukt i samband med fellesskap, integrering og frivillig deltaking, er *sosial kapital*. Ifølgje Putnams (2000) teori om sosial kapital blir det gode samfunnet best skapt nedanfrå og opp ved at sosiale nettverk, tillit og sivilt engasjement blir utvikla lokalt gjennom ansikt-til-ansikt-kontakt i fritidsbaserte og ikkje-politiske organisasjonar. Frivillige organisasjonar som inneber direkte interaksjon, vil kunne skape samhandling mellom ulike menneske som elles ikkje ville ha møtst, på tvers av kulturell, politisk og verdimeisig ståstad. Sosial kapital blir her forstått som tillit, sosiale

nettverk og normer for gjensidigheit. Det er særskilt to aspekt ved sosial kapital som har fått mykje merksemd i samband med samfunnsintegrasjon, nemleg samanbindande (bonding) og brubyggande (bridging) sosial kapital.

Samanbindande sosial kapital er her forstått som tillit og nettverk mellom menneske som har like kjenneteikn på sentrale variablar, som for eksempel etnisitet, språk, religion eller ideologisk tilhøyrse. Slik samanbindande sosial kapital kan fungere integrerende for individ i avgrensa grupper, og han kan òg føre til ein større tillit til menneske meir generelt. Men viss integrasjonen internt blir for sterk, kan det òg bli bygd opp barrierar mot dei som står utanfor. I sterkt integrerte grupper kan derfor samanbindande tillit og nettverk internt føre til mistillit til menneske som står utanfor. Gruppa kan då få ein sekterisk eller eksklusiv karakter med sterke band internt og svake eller fråverande band eksternt. Slike grupper har mindre evne til å utvikle mangfaldige, horisontale nettverk som kan skape tillit og toleranse på tvers, og dette vil igjen kunne hindre kollektiv handling mellom ulike menneske og grupper.

På den andre sida vil overskridande sosial kapital – tillit og nettverk mellom menneske som har ulike kjenneteikn på sentrale variablar – kunne støtte opp under breiare fellesskap og kollektiv handling på tvers av ulike kjenneteikn. Grensene mellom gruppe og omverd vil altså vere avhengig av kor sterkt enkeltindividet er knytt til gruppa og andre medlemmer, og av kor lukka gruppa er mot omgivnaden (Putnam, 2000).

Vi kan òg skilje mellom ei generalisert og ei partikulær form for tillit. Partikulær tillit handlar om i kva grad ein stoler på menneske ein kjenner personleg – at ein for eksempel stoler på personar i sin eigen familie. Generalisert tillit handlar om i kva grad ein stoler på andre menneske meir generelt, utan å måtte kjenne dei personleg. Vi kan altså ha tillit til andre menneske, både dei vi kjenner, og dei vi ikkje kjenner, og både dei som har like kjenneteikn (samanbindande), og dei som har ulike kjenneteikn (overskridande) som oss sjølv. Desse fire kategoriane av tillit er ikkje gjensidig utelukkande, og individ og samfunn kan score høgt og lågt på alle, uavhengig av kvarandre.¹

Tidlegare studiar internasjonalt har synt ein negativ samanheng mellom etnisk segregering og tillit (Delhey og Newton, 2005; Uslaner, 2012). Tidlegare analysar av levekårsdata frå SSB har også synt at svært mange i minoritetsgrupper ikkje har ein einaste venn utan minoritetsbakgrunn (Wollebæk og Seggaard, 2011; Enjolras og Wollebæk, 2010). Dette leier til ei forventning om at personar som i størst grad er saman med personar som har same kjenneteikn med omsyn til språk, religion, kultur eller landbakgrunn, vil ha færre sosiale band til menneske med andre kjenneteikn og mindre tillit til menneske med andre kjenneteikn.

¹ Ein grundig gjennomgang av teori og empirisk forskning omkring sosial kapital finst i Wollebæk og Seggaard: *Sosial kapital i Norge* (2011).

Eit sentralt element i Putnams sosial kapital-teori er altså at dei frivillige organisasjonane kan skape overlappende arenaer for aktivitet og for sosiale nettverk der ein kan erfare at andre er til å stole på. Eit sentralt problem med denne teorien om sosial kapital er at det er gjort fleire undersøkingar som tyder på at organisasjonstilknytning ikkje verkar inn på tillit. Det vil seie: Det ser ikkje ut til å vere nokon empirisk forskjell i tillitsnivå mellom dei som er aktive, og dei som er mindre aktive i organisasjonar. Effekten av ansikt-til-ansikt-kontakt i frivillige organisasjonar er knapt statistisk målbar på individnivå (Wollebæk og Seggaard, 2011). I slike befolkningsundersøkingar ser ikkje organisasjonstilknytning ut til å ha innverknad, eller berre ein liten innverknad, på sosial kapital (Wollebæk og Selle, 2007; Wollebæk og Selle, 2002; Dekker og van den Broek, 1998; Freitag, 2003).

I slike undersøkingar ser ein likevel ofte på befolkningar som heilskap, og ikkje på minoritetar spesielt. Studiar av innvandrere har for eksempel vist at frivillig arbeid er korrelert med tillit, sjølv om ein ikkje kan sjå slike samanhengar i befolkninga som heilskap (sjå for eksempel Seggaard, 2011). Vi veit heller ikkje om korrelasjonen indikerer at deltaking fører til auka tillit, eller om det er høg tillit som fører til deltaking. Det er altså viktig å skilje mellom ulike grupper når ein snakkar om samanhengar mellom frivillig engasjement og tillit, og kva dette har å seie for integrering. I tillegg er det slik at sjølv om tillitsnivået på individnivå generelt ofte syner seg å ikkje bli nemneverdig påverka, kan ein likevel møte andre og ulike typar menneske i frivillige organisasjonar, noko som igjen kan ha positive verknader for fellesskap, kunnskap, informasjon og integrasjon. Eit argument for at frivillige organisasjonar er relevante i samband med tillit, er òg at dei er med på å bevare og institusjonalisere tilliten i samfunnet (Selle og Wollebæk, 2012).

Kva forklarar samfunnsdeltaking?

Eit sentralt element i eit demokratisk samfunn er at folket deltar i utøvinga av det (Almond og Verba, 1963; Alexander, 2008). Samfunnsengasjement blant ulike grupper i befolkninga er med på å gi legitimitet til dei som styrer, og vil kunne bidra til at dei styrande blir stilt til ansvar for handlingane og avgjerslene sine. Samfunnsengasjementet vil også vere med på å informere dei styrande om kva som rører seg i samfunnet, slik at dei kan ta informerte avgjersler. Dette vil vere ekstra viktig når vi snakkar om utsette eller marginaliserte grupper, som fleire innvandrargrupper er eksempel på. Samfunnsengasjement kan også vere til nytte for individet det gjeld, ved at dei gjennom å engasjere seg kan bygge personlege og sosiale ressursar som kunnskap, ferdigheiter, ansvar, nettverk og tillit. Ved å engasjere seg kan innvandrere auke dei personlege og sosiale ressursane sine, og det kan igjen hjelpe dei i integreringsprosessen.

Samfunnsengasjement kan vere både politisk engasjement retta mot politiske institusjonar og prosessar og frivillig engasjement retta mot ulike sosiale interesser, grupper, mål og forhold i samfunnet elles (Verba, Schlozman

og Brady, 1995). Når engasjement manifesterer seg i konkrete handlingar, snakkar vi òg om aktiv deltaking (politisk og frivillig) – at interesser og haldningar blir uttrykt gjennom handlingar. Politisk deltaking kan bli uttrykt i konvensjonelle deltakingsformer som å stemme ved val, donere pengar til politiske parti eller sjølv stille til val – eller i mindre konvensjonelle former som å signere underskriftskampanjar, delta i politiske demonstrasjonar eller skrive politiske innlegg. Frivillig deltaking kan på si side bli forstått som handlingar og aktivitetar som er retta mot å hjelpe eller bidra for andre menneske eller grupper i lokalsamfunn, mot å løyse større samfunnsproblem eller generelt mot å delta aktivt i samfunnet gjennom frivillig arbeid i organisasjonar eller gjennom uformell hjelp og bistand til andre menneske (Verba, Schlozman og Brady, 1995). Sjølv om ein ofte skil mellom politisk og frivillig arbeid, opptrer gjerne desse to formene for samfunnsdeltaking saman, og dei flyt gjerne over i kvarandre. Frivillig arbeid kan ha klare politiske motiv, samtidig som mykje politisk arbeid òg er frivillig arbeid.

Sidan engasjement og deltaking er grunnsteinen i eit demokrati, er det ei demokratisk utfordring at ulike sosiale grupper engasjerer seg og deltar i ulik grad, slik vi ser det internasjonalt og i Noreg. Det er for eksempel eit gjennomgåande trekk at mange innvandrargrupper har eit lågare engasjements- og deltakingsnivå enn majoritetsbefolkninga i dei fleste land. Det finst mange ulike forklaringar på den lågare samfunnsdeltakinga til innvandrargrupper. Dette kan vere kulturelle kjenneteikn ved grupper, kjenneteikn ved politiske institusjonar og moglegeheitsstrukturar, lengde på butid, nasjonalt opphav, sysselsettingsgrad, utdanningsnivå, tillit, sosiale nettverk, språkkompetanse, politiske verdiar, kunnskapsnivå og kjensle av tilknytning til samfunnet meir generelt. For å diskutere desse forklaringane nærare kan vi gjere eit skilje mellom tradisjonelle forklaringar på individnivået og forklaringar som er knytt til meir innvandringsspesifikke kjenneteikn som språkkompetanse, kultur for samfunnsengasjement og sosial tillit. Igjen kan vi presisere at tillit kan vere både eit utslag av og ein føresetnad for deltaking, og det er godt mogleg at dei to fenomenar påverkar kvarandre gjensidig.

Forklaringar på individnivå

Mange av faktorane som kan forklare samfunnsengasjement, er knytt til individkjenneteikn. Sosioøkonomisk status (utdanning og inntekt) er for eksempel utslagsgivande for kven som er disponert for å engasjere seg. Denne typen forklaringar går gjerne under namnet ressurstheori for forklaring av politisk og frivillig deltaking. Menneske med høgare utdanning og inntekt (ressursar) er vanlegvis meir politisk og frivillig engasjert (Wolfinger og Rosenstone, 1980; Verba, Schlozman og Brady, 1995; Olsen og Sætren, 1980). Som ei form for human kapital gir utdanning dei (potensielt) aktive evner til å delta på fleire ulike arenaer og utføre ulike slags oppgåver. Dette vil igjen auke sannsynet for at dei finn fram til aktivitetar som maksimerer nytten og

minimerer kostnadene ved politisk og frivillig innsats (Gesthuizen og Scheepers, 2012). Jo meir personlege ressursar ein har tilgjengeleg, desto enklare blir det å møte dei krava som blir stilt til deltaking, og å sjå nytten som kjem ut av engasjementet (Wollebæk, Sætrang og Fladmoe, 2015: 43–59). Å ha ein betalt jobb kan òg sjåast som ein ressurs og er ein viktig indikasjon på sosial integrasjon som igjen vil gjere at ein får fleire mogelegheiter til å engasjere seg. Samtidig vil også det om ein er i betalt arbeid eller ikkje, vere kopla til personlege ressursar som utdanning og ikkje minst inntekt, som også påverkar sannsynet for å engasjere seg.

Mange innvandrargrupper har lågare sosioøkonomisk status enn majoritetsbefolkninga, og ein del av forklaringa på lågare samfunnsdeltaking kan knytast til nettopp dette. Forskjellar i sosioøkonomisk status påverkar politisk og frivillig kompetanse og kunnskap, som igjen påverkar nivået på deltakinga. Det er for eksempel vist at både inntekt og utdanning påverkar politisk kunnskapsnivå (uavhengig av kvarandre) (Delli Carpini og Keeter, 1996), politisk interesse, stemmegiving og tillit til politikk og politikarar (Bynner, Romney og Emler, 2003), og sannsynet for frivillig arbeid, deltaking i nabolagsmøte og løysing av nabolagsproblem (Foster-Bey, 2008). Utdanning har truleg den største påverknadskrafta her, som igjen påverkar ulike former for kompetanse som menneske utøver på andre arenaer, i arbeidslivet, i organisasjonar og i sosiale nettverk. Desse sosiale ferdigheitene og dei sosiale nettverka vil så igjen kunne påverke utviklinga av politisk og frivillig interesse, engasjement og aktiv deltaking (Brady, Verba og Schlozman, 1995; Nie, Junn og Stehlik-Barry, 1996; Verba et al., 1995). På individnivået vil òg dei oppfatningane, haldningane og kjenslene som menneska har, påverke graden av deltaking. Nivået på politisk og frivillig deltaking er for eksempel kopla til politisk interesse og kunnskap, oppfatning av påverknadskraft, identifisering med politiske parti og kjensle av plikt til å delta (Zukin et al., 2006). Kva livssituasjon innvandrane er i, kor lenge dei har budd i Noreg, og kva dei har opplevd her, vil kunne påverke slike haldningar og kjensler.

Innvandrings- og kontekstspesifikke forklaringar

Kjenneteikn ved samfunn og demokratisk kontekst, både i samfunna innvandrane kjem frå, og samfunn dei har innvandra til, vil òg kunne påverke kor mykje dei deltar i samfunnet. Kjenneteikn ved det politiske systemet, graden av demokratisk utvikling, tillitsnivå, sivilsamfunn og frivillig sektor vil kunne skape visse kulturar for samfunnsdeltaking og engasjement. Avhengig av kva type land og samfunn innvandrere kjem frå, vil dei potensielt ha med seg ein type kultur og tradisjon for samfunnsengasjement som er ulik den som eksisterer i samfunnet dei har innvandra til. Her er det to perspektiv som ofte blir brukt når ein undersøker dette. I det kulturbaserte perspektivet, eller sosialiseringperspektivet, (Uslaner, 2008; Dinesen og Hooghe, 2010) tenker ein seg at innvandrere har med seg kultur for tillit og samfunnsengasjement

gjennom sosialiseringa i landet dei er fødd i, og at dette er eit permanent personleg trekk som i liten grad kan endrast seinare i livet. Erfaringsperspektivet, eller livsløpsperspektivet, legg på si side vekt på at åtfærd og haldningar kan endre seg kontinuerleg gjennom nye erfaringar og opplevingar gjennom livet (Dinesen, 2012; Glanville og Paxton, 2007). Her tenker ein seg at dei erfaringane innvandrara har frå nye kontekstar, vil kunne forme samfunnsdeltaking og sosial tillit (Dinesen og Hooghe, 2010), slik at for eksempel innvandrara i Noreg etter kvart vil ta opp i seg norsk kultur for samfunnsdeltaking og sosial tillit.

Som eit eksempel kan vi ta for oss det landet der den største gruppa av innvandrara i Noreg kjem frå, nemleg Polen. Polen kan sjåast på som ei rak motsetning til Noreg når det gjeld kontekst for frivillig og politisk engasjement, frivillig organisering, sivilsamfunn, tillit og sosial kapital (Guribye, Pustulka, Ślusarczyk og Zyzak, 2018). I motsetning til i Noreg er nivåa av sosial og institusjonell tillit og frivillig deltaking svært låge i Polen (OECD², 2011; 2014). Ei forklaring på dei låge nivåa av engasjement og tillit hos polakkar ligg i den historiske konteksten i Polen. Under kommunistregimet vart aktivitetar i frivillige organisasjonar sett under sterk politisk og administrativ kontroll av myndighetene, og mange organisasjonar vart oppløyst og/eller nasjonalisert (EU, 2010). Frivillig arbeid vart gjerne oppfatta som obligatorisk arbeid og sett på som noko negativt blant innbygarane. For befolkninga i Polen har dette ført til eit skarpt skilje mellom den offentlege og den private sfæren i kvardagen til polakkar, og sosialt engasjement er assosiert med den offentlege og påtvinga sfæren. I den polske befolkninga er det derfor ein viss motvilje mot å engasjere seg som frivillig og som medlem i frivillige organisasjonar. I tida etter kommunistregimet har frivillig engasjement og organisering starta å vokse att, men arven etter kommunistregimet har vore vanskeleg å bli kvitt. Om polakkar engasjerer seg i frivillig arbeid, så er det heller sjeldan og hovudsakleg knytt til enkelthendingar heller enn av varig karakter (EU, 2010). Eit sentralt spørsmål er her i kva grad engasjements- og tillitsnivå vil kunne endre seg blant polakkar som buset seg i Noreg.

Ein annan sentral dimensjon i forklaringar på integrering, samfunnsengasjement og deltaking blant innvandrara handlar om bakgrunnen for, eller årsakene til, innvandring. Dette handlar både om individuelle kjenneteikn ved ulike innvandrargrupper og kvar dei kjem frå, og om kva rettar dei får, og kva tiltak som blir sett i verk for å integrere ulike innvandrargrupper. I Noreg er 34 prosent av innvandrara arbeidsinnvandrara, 36 prosent har kome gjennom familieegjenforeining, 19 prosent har kome som følgje av flukt, 10 prosent har kome for å ta utdanning, og 1 prosent har kome av andre årsaker.³

² Organisation for Economic Co-operation and Development (Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling).

³ <https://www.ssb.no/innvgrunn>.

Mange av dei som kjem som flyktningar, har færre personlege ressursar enn dei som kjem som arbeidsinnvandrарar. Det kan vere snakk om analfabetisme og lite eller inga utdanning. Det kan òg vere manglande kunnskap om og erfaringar med kva sivilsamfunn og frivillig arbeid er, og korleis det fungerer, noko som vil påverke potensialet for integrering og samfunnsdeltaking. I tilknytning til dette er det òg forskjellar på kva integreringstiltak som blir sett i verk for flyktningar versus arbeidsinnvandrарar. Introduksjonsprogrammet for flyktningar er for eksempel eit omfattande program for å gi nyleg komne flyktningar betre mogelegheiter for å delta i samfunns- og yrkeslivet. Det inneheld både norsk- og samfunnsfagundervisning og arbeidsretta tiltak. For arbeidsinnvandrарar finst det ikkje noko tilsvarende program. Den offentlege politikken for (sosial) integrering av arbeidsinnvandrарar er på denne måten avgrensa. Tiltak som er sett i verk overfor arbeidsinnvandrарar, handlar i stor grad om å spreie informasjon om det norske samfunnet, men gir ingen rett på gratis språkopplæring. Så sjølv om språk har vist seg å vere ein sentral forklaringsfaktor for integrering og samfunnsdeltaking blant innvandrарar (Eimhjellen og Arnesen, 2018), er det berre mindretalet av arbeidsinnvandrарar som får tilbod om gratis språk- og samfunnsopplæring. I denne samanhengen er polakkar ei svært sentral gruppe, sidan eit stort fleirtal av dei er komne som arbeidsinnvandrарar i bygg- og anleggsbransjen, innanfor reinhald og hotell- og restaurantbransjen, og innanfor helse og omsorg og berre eit fåtal av desse kan norsk (Friberg, 2013). I tillegg vil mange arbeidsinnvandrарar vere innstilt på at opphaldet i Noreg er mellombels, som igjen vil vere ein grunn til å ikkje involvere seg i samfunnsaktivitetar. Likevel er det svært mange som endar opp med å bli i Noreg på ein meir permanent basis.

Frivillig engasjement, tillit og andre deltakingsformer

Sidan vi i denne rapporten skal sjå nærare på samanhengane mellom frivillig arbeid og tillit, frivillig arbeid og politisk deltaking og frivillig arbeid og uformell hjelp til andre, skal vi kort diskutere nokre forventningar til desse samanhengane meir konkret.

Frivillig arbeid og tillit

Frivillige organisasjonar blir gjerne sett på som ein viktig arena for utvikling av sosial tillit og for integrasjon av innvandrарar. I det som blir kalla kontaktteorien (Allport, 1958; Pettigrew et al., 2011), blir utvikling av tillit og reduksjon av fordommar forklart ved relasjonsbygging og direkte kontakt ansikt til ansikt mellom ulike typar menneske. For at slik kontakt skal kunne skape integrasjon og tillit, bør for det første dei som er i kontakt, ha relativt lik status, og dei bør samlast om å samarbeide (ikkje konkurrere) for å nå eit felles mål. Samarbeidet og kontakten bør òg gå føre seg ansikt til ansikt for at kontakten skal skape integrasjon og tillit. I tillegg bør samarbeidet vere støtta av autoritetar eller myndigheiter. Innanfor det frivillige organisasjonslivet vil

mange av desse optimale vilkåra vere oppfylt. Statusforskjellane er avgrensa, ein samarbeider ofte om felles prosjekt, det er lite konkurranse mellom dei som deltar, aktiviteten er ofte understøtta av utanforståande, og mykje av samhandlinga skjer ansikt til ansikt. Gjennom frivillig engasjement i organisasjonar kan ein etablere relasjonar til og bli kjent med andre av ulikt etnisk og kulturelt opphav, og slik kan deltaking i det frivillige organisasjonslivet vere med på å redusere fordommar og mistillit mellom grupper. Det er derfor grunn til å forvente, om kontaktteorien har rett, at aktivitet i frivillige organisasjonar er særleg godt eigna til å fremje tillit mellom innvandrarak og majoritetsbefolkninga.

Kontaktteorien har seinare blitt utfordra frå fleire hald. Ei alternativ tilnærming blir kalla konfliktteori. Her blir det hevda at konkurranse om knappe ressursar mellom grupper, og kulturell avstand, gjer at kontakt, for eksempel gjennom frivillig arbeid, ikkje vil vere noko «magisk» løysing. I denne tilnærminga blir det tvert imot hevda at jo meir ein blir eksponert for folk med ulik bakgrunn, og dermed for konfliktfylte situasjonar, desto meir vil ein halde seg til og stole på «sine egne». Etnisk mangfald vil her kunne styrke motsetninga mellom minoritet og majoritet. Det eksisterer ein del empirisk støtte for dette perspektivet (Meer og Tolsma, 2014; Wallman og Wollebæk, 2013). Fleirtalet av studiar der ein har sett på samanhengen mellom etnisk mangfald og tillit, har vist at jo meir etnisk heterogent bumiljøet er, og jo meir ein då blir eksponert for kulturell ulikskap, desto lågare er tilliten til folk i omgivnaden. Ei tredje retning som kan nemnast, er det Robert Putnam har kalla «constrict theory» (Putnam, 2007). Ifølgje denne retninga er det ikkje slik at ein enten stoler på sine egne eller på andre grupper. I heterogene samanhengar stoler ein mindre både på sine egne og på andre fordi ein trekker seg tilbake frå samfunnslivet og dei arenaene som elles kunne skapt tillit.

Frivillig arbeid og politisk deltaking

Sosial kapital (tillit og nettverk) blir ofte framheva som ei viktig forklaring på kollektiv handling (sjå for eksempel Wollebæk og Segard (red.), 2011; Tronstad og Rogstad, 2012). Eksisterande forskning på politisk deltaking blant innvandrarak legg mellom anna vekt på at innvandrarak med høgare sosial kapital, det vil seie dei som har eit nettverk utanfor familie og venner, og som i større grad deltar i ulike typar foreiningar, har høgare sannsyn for å delta i val (Tronstad og Rogstad, 2012). Ifølgje Lorentzen (2004) påverkar sivile fellesskap korleis vi er, og korleis vi oppfattar oss sjølv, og dette har igjen avgjerande verknad på både engasjement og tilhøyrslø. Deltaking i sivilsamfunnet og organisasjonslivet kan derfor sjåast på som ein føresetnad for politisk deltaking.

Tronstad og Rogstad (2012) argumenterer for (og finn empirisk støtte for) at innvandrarak som deltar i organisasjonar som samlar folk med ulik bakgrunn, deltar oftare i politiske val enn dei som eine og aleine er aktive i organisasjonar

eller forsamlingar som samlar folk med innvandrarakgrunn eller same religiøse bakgrunn. Samla sett støttar desse funna ei teoretisk forventning om at innvandrane med høgare overskridande kapital (dei som deltar i nettverk og organisasjonar som samlar personar med ulike kjenneteikn) vil ha større sjanse for å delta i politiske val. Tronstad og Rogstad finn derimot ikkje nokon samanheng, verken positiv eller negativ, mellom deltaking i samanbindande organisasjonar (dei som hovudsakleg samlar personar med like kjenneteikn, som for eksempel innvandarorganisasjonar) og politisk deltaking. Dette er verdt å nemne ettersom ein hypotese i denne samanhengen kan vere at deltaking i samanbindande organisasjonar kan føre til sterk intern integrasjon (eller segregering) på kostnad av tillit til og integrering med menneske utanfor – og dermed også lågare sjanse for å delta i kollektive handlingar som politiske val.

Frivillig arbeid og uformell hjelp

Til liks med frivillig organisasjonsarbeid kan uformell (ulønt) hjelp til andre vere eit uttrykk for altruistisk åtfærd og inngå i eit breiare omgrep om aktivt medborgarskap og samfunnsengasjement. Mens frivillig organisasjonsarbeid blir formidla gjennom organisasjonar, vil uformell hjelp vere eit døme på såkalla direkte frivillig arbeid for ein mottakar utanfor familien (Salamon og Sokolowski, 2018). Nokre har hevda at slik uformell hjelp er ei form for usynleg samfunnsengasjement og ein viktig del av sivilsamfunnet (Herd og Meyer, 2002; Martinez, Crooks, Kim og Tanner, 2011; Martinson og Minkler, 2006). Vidare er det vanleg å sjå uformell hjelp i samanheng med vanleg organisasjonsengasjement, og då kan ein rekne dei to formene for engasjement som to endar på eit kontinuum av sivilsamfunnsengasjement, frå offentleg og synleg organisasjonsengasjement til meir privat og direkte engasjement for enkeltpersonar (Henriksen, Kock-Nielsen og Rosdahl, 2008).

Ein hypotese relatert til uformelt omsorgsarbeid er at slikt arbeid er meir utbreidd blant innvandrargrupper enn i majoritetsbefolkninga i Noreg. I Sverige tyder for eksempel data frå nokre år tilbake på at minoritetsbefolkninga er overrepresentert i forhold til majoritetsbefolkninga når det gjeld slik uformell hjelp og omsorg til andre (Svedberg, Jegermalm og von Essen, 2010). Vidare vil det i land utan ein omfattande velferdsstat, som mange av innvandrane i Noreg kjem frå, vere meir nødvendig og vanleg å delta i denne typen omsorgsarbeid. Det kan hende dette gjer at innvandrere, og kanskje nokre innvandrargrupper spesielt, er meir engasjert i denne typen engasjement.

Vidare er ein hypotese at uformelt omsorgsarbeid heng saman med frivillig arbeid i den forstand at dei som er meir tilbøyelege til å arbeide for frivillige organisasjonar, òg har høgare sannsyn for å utføre uformell hjelp. Med andre ord vil enkelte mennesketypar i større grad delta i frivillig arbeid generelt, og det treng dermed ikkje vere noka motsetning mellom det å delta i organisert frivillig arbeid og det å drive uformelt omsorgsarbeid. Når det er sagt, er ein alternativ hypotese at dei to formene for frivillig engasjement konkurrerer med

kvarandre, på den måten at auka uformelt omsorgsarbeid reduserer vanleg organisasjonsengasjement.

Datagrunnlag og metode

I hovuddelen av rapporten (kapittel 2, 3 og 4) tar vi i bruk to datakjelder frå SSB. Den første, *Levekårsundersøkelsen blant innvandrere 2016* (LKI-2016), er ei undersøking som fokuserer på levekår blant innvandrarakar frå 12 av dei 24 landa som flest innvandrarakar i Noreg kjem frå. Denne undersøkinga er gjennomført tre gonger tidlegare, i 1983, 1996 og 2005/2006. Men det var først i 2016 at det vart inkludert eit sett med spørsmål om engasjement for frivillige organisasjonar. For å få eit gyldig samanlikningsgrunnlag drar vi òg nytte av dei generelle levekårsundersøkingane *EU-SILC 2014* (LKU-2014) og *EU-SILC 2016* (LKU-2016) for befolkninga som heilskap. Desse undersøkingane blir gjennomført kvart år med ein kjernedel med spørsmål som er dei same kvar gong, og ein temadel som blir gjentatt kvart tredje år.⁴ I 2014 var temaet friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosiale nettverk, og det vart mellom anna stilt fleire av dei same spørsmåla om engasjement i frivillige organisasjonar som i LKI-2016⁵. For ein grundig gjennomgang av utvalet og datagrunnlaget viser vi til rapporten frå 2018, *Organisasjonsengasjement blant innvandrarakar* (Eimhjellen og Arnesen, 2018).

I denne rapporten skal vi som nemnt undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og tillit, frivillig arbeid og politisk engasjement og frivillig arbeid og uformell hjelp til andre. I SSB-undersøkingane var spørsmålet om engasjement i frivillige organisasjonar formulert slik: «Har du i løpet av de siste 12 måneder utført noe gratisarbeid for en organisasjon, klubb eller forening? Regn også med organisasjoner som du ikke er medlem av.» I tillegg til spørsmål om gratisarbeid for frivillige organisasjonar vart respondentane i SSB-undersøkinga mellom anna spurt om det som i litteraturen blir kalla *generalisert tillit*. Formuleringa var slik: «Vil du stort sett si at folk flest er til å stole på, eller at en ikke kan være for forsiktig når en har med andre å gjøre?» Dette er ei standardformulering som er brukt gjennom mange år i veldig mange undersøkingar både nasjonalt og internasjonalt. Respondentane kunne gradere denne tilliten på ein skala frå 0 til 10. For å undersøke politisk deltaking blant innvandrarakar skal vi bruke eit spørsmål der respondentane vart bedne om å fortelje om dei stemte ved kommunevalet i 2015. Når det gjeld uformelt

⁴ Data frå levekårsundersøkingane i anonymisert form er stilt til disposisjon av SSB gjennom Norsk senter for forskningsdata (NSD). Verken SSB eller NSD er ansvarlege for analysen av data eller for tolkingane som er gjort her.

⁵ Denne undersøkinga vart òg gjennomført i 2017, men fordi spørsmålsstillinga vart endra i den siste runden, tar vi i bruk data frå 2014 der spørsmålsstillinga er lik den som er i LKI-2016. I levekårsundersøkingane er det òg inkludert personar med innvandrarakgrunn som del av det tilfeldige utvalet. Desse utgjer relativt få personar frå dei relevante landa og blir tatt vekk frå analysane.

omsorgsarbeid, omfattar dette ubetalt frivillig hjelp og omsorg for andre utanfor familien. I *Levekårsundersøkelsen blant innvandrere 2016* (LKI-2016) vart respondentane spurt om dei gir uformell hjelp til andre, på denne måten: «Gir du regelmessig noe ulønnet praktisk hjelp til eller tilsyn med syke, funksjonshemmede eller eldre utenfor husholdningen?»


I tillegg til desse statistiske undersøkingane har vi gått igjennom relevant litteratur om polske innvandrere i Noreg, og vi har intervju representantar for ulike polske frivillige organisasjonar i Noreg. Formålet har her vore å utforske og å finne forklaringar på det låge engasjementet blant polakkar i Noreg (Eimhjellen og Arnesen, 2018), ettersom det er avgrensa kva eksisterande statistiske data kan tilføre av kunnskap. Årsaka til at ein ikkje kjem så mykje lenger i å få svar på spørsmål om låg deltaking, er at det er få polakkar som svarer på spørjeundersøkingar, og få som igjen svarer at dei deltar i ulike former for samfunnsengasjement. Datagrunnlaget for denne gruppa blir derfor for svakt. Ein strategi er her å gå meir kvalitativt til verks. Gjennom søk i Frivilligregisteret fann vi derfor fram til om lag 30 frivillige organisasjonar knytt til polakkar i Noreg, til polsk kultur eller til Polen. Vi kontakta leiarar og ansvarlege i desse organisasjonane og inviterte dei til intervju. Vi kontakta òg representantar for polske grupper i den katolske kyrkja i Noreg. Likevel var det dessverre ein svært avgrensa respons frå desse organisasjonane, og vi enda opp med å intervju leiarar i to polske frivillige organisasjonar i Noreg. Sjølv om intervjustudien vart svært avgrensa, fekk vi bekrefte ein god del av det som litteraturen på feltet har avdekt, og vi fekk nyansert kunnskapen til ein viss grad. Intervjustudien kan sjåast på som sekundærkjelde til informasjon om barrierar for deltaking blant polakkar i Noreg.

Frivillig arbeid og tillit

Høg grad av tillit er eit kjenneteikn ved mange demokratiske og fungerande samfunn. Studiar viser også at tillit er kopla til frivillig engasjement (Wollebæk og Selle, 2007), på den måten at land med høg grad av frivillig deltaking òg har høg grad av tillit, noko Noreg og Skandinavia er eksempel på. Ved hjelp av LKI-undersøkinga skal vi no undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og tillit blant innvandrarak i Noreg.

Først ser vi på korleis svarfordelinga var på spørsmålet om generell tillit og forskjellar basert på landbakgrunn (for å samanlikne med majoritetsbefolkninga nyttar vi òg data frå den generelle levekårsundersøkinga – LKU – frå 2016). Her er det snakk om innvandrarak frå 12 av dei 24 landa som flest innvandrarak kjem til Noreg frå: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka.

Figur 1: Tillitsnivå fordelt på landbakgrunn. Stipla linje viser tillitsnivået i befolkninga generelt. Vekta tal. N = 4286. Kji-kvad., p = ,000.




Tillitsnivået i Noreg er som kjent blant dei høgaste i verda – og ein føreset ofte at den tilliten personar har til andre, vil vere sterkt prega av oppveksten. Blant dei som er fødd og oppvaksne i Noreg, var snittet 7,2 på skalaen frå 0 til 10. Blant minoritetsbefolkninga var snittet på skalaen 5,7. Dette er ein nokså klar forskjell, og ikkje så overraskande sidan mange med innvandar- og minoritetsbakgrunn har opphav i kulturar prega av lågare tillit. Men det er òg ein del forskjellar mellom personar med ulik landbakgrunn. Mens personar med bakgrunn frå Sri Lanka ligg over nivået for majoritetsbefolkninga (7,4), er den lågast blant dei som har bakgrunn i Tyrkia (5,5) og ikkje minst Polen (5,0). Når det gjeld Polen, har vi diskutert bakgrunnen for dette ovanfor. Som 2018-rapporten (Eimhjellen og Arnesen, 2018) viste, er det òg eit lågare nivå av frivillig arbeid i minoritetsbefolkninga (17 prosent) enn i majoritetsbefolkninga (37 prosent). Også her skilde Sri Lanka seg ut med det høgaste nivået (26 prosent) og Polen med det lågaste nivået (10 prosent).

Tillit, frivillig arbeid og butid


Kva er så samanhengen mellom frivillig arbeid og tillit, og er det forskjellar mellom innvandrere som har vore lang tid i Noreg, og dei som har vore kort tid. Skjer det ein *akkulturasjon* av haldningar og åtferd – det vil seie at minoritetsbefolkninga over tid blir meir like majoriteten? Som vi ser av figur 2 under, har dei med lengre butid høgare nivå av både frivillig arbeid og tillit. Likevel er det først og fremst blant dei som har budd i Noreg i ti år eller meir, at vi ser ein markant auke i omfanget av frivillig arbeid. Dette er det same mønsteret vi har sett tidlegare når det gjeld frivillig arbeid, altså at dei med lang butid oftare er frivillige (Eimhjellen og Arnesen, 2018). Det er òg først blant gruppa som har budd i Noreg i ti år eller meir, at vi ser ein auke når det gjeld tillit. Akkulturasjon kan derfor sjå ut til å ta ein del tid. I tillegg kjem minoritetsbefolkninga aldri heilt opp på tillitsnivået til majoritetsbefolkninga. Dei som har budd i Noreg i meir enn 20 år, scorar 6,3 på tillitsskalaen, mot 7,2 i majoritetsbefolkninga.

Figur 2: Tillit, frivillig arbeid og butid. Vekta tal. N = 4283.



Er det så ein samanheng mellom frivillig arbeid og tillit, slik ein kan rekne med ut frå kontaktteorien? I figur 3 under viser vi samanhengen mellom timar frivillig arbeid per år og tillitsnivå for innvandrarar samanlikna med norskfødde. Norskfødde ligg som forventa høgare på tillitsskalaen, men forskjellen i tillitsnivå mellom dei som ikkje har gjort frivillig arbeid, og dei som har gjort mange timar innsats, er ikkje så stor. Blant innvandrarar er derimot denne forskjellen ganske stor. Totalt sett ligg dei som har vore frivillige, 0,9 poeng høgare på tillitsskalaen. Likevel er det òg blant innvandrarar liten forskjell mellom dei som har gjort ein veldig avgrensa innsats (under fem timar i året), og dei som har vore veldig aktive.

Figur 3: Tillit og timar frivillig arbeid per år, blant innvandrere og blant befolkninga. Vekta tal. $N = 4286$. Kji-kvad., $p = ,000$.




Her peiker resultatata på noko viktig i samband med spørsmålet om kva som kjem først og sist av frivillig arbeid og tillit – om det er det frivillige arbeidet som gjer innvandrere tillitsfulle, eller om det er dei tillitsfulle som søker seg til frivillig arbeid. Det kan her sjå ut som at tillit meir er ein føresetnad for frivillig arbeid blant innvandrere, heller enn omvendt, ettersom det er mindre sannsynleg at det å vere aktiv i éin til fire timar i løpet av eitt år har påverka tillitsnivået blant innvandrere.

Tillit og (tal på) organisasjonstypar

Er det så forskjellar i tillitsnivå avhengig av kva organisasjonar personane har vore aktive i? Figur 4 under viser tillitsnivået etter type organisasjon. Talet på observasjonar er lågt i mange kategoriar, og det er vanskeleg å trekke eintydige konklusjonar. Likevel, samanlikna med innvandrere generelt er det ein tendens til at dei som har vore aktive i frivillige organisasjonar, uavhengig av organisasjonstype, har høgare tillit. Høgast tillit finn vi blant dei som deltar i pasientorganisasjonar og friluftorganisasjonar. Vidare er det blant dei som har vore aktive innanfor politiske parti, kulturorganisasjonar og idrettsorganisasjonar (som er den største kategorien), at vi finn høgare tillitsnivå. På eit generelt grunnlag støttar desse tala hypotesen om at dei som deltar i

overskridande organisasjonar (som samlar folk med ulik bakgrunn), har høgare tillit.

Figur 4: Tillit og organisasjonstypar. Dei som har deltatt i éin organisasjonstype. Stipla linje viser tillitsnivå blant innvandrarak generelt. Vekta prosent. $N = 4286$. Kji-kvad., $p = ,008$.




Ved første augekast er det overraskande at innvandrarak i kategorien *Miljø / menneskerettar / humanitære organisasjonar*, tredje kategori frå høgre i figuren, ikkje har høgare tillit, ettersom vi kan forvente at denne kategorien omfattar fleire organisasjonar som samlar folk med ulik bakgrunn. Den fulle teksten her er «ideell organisasjon som arbeider med miljø, menneskerettar, humanitære spørsmål eller annan form for hjelp til andre (Røde Kors, sanitetslag, Amnesty International, Naturvernforbundet osv.)». Dette omfattar mange ulike aktivitetar, og det er vanskeleg å vite kva respondentane har tenkt på når dei har svart dette. Ein hypotese kan vere at dette er organisasjonar som driv hjelpearbeid i opphavslandet, og at det dermed ikkje nødvendigvis inneber integrasjon med majoritetskulturen. Men her er òg andre tolkingar mogelege.

Sjølv om tillitsnivået er høgast blant dei som er aktive i overskridande organisasjonar, betyr ikkje dette at det er lågare tillit blant dei som er aktive i samanbindande organisasjonar, som altså hovudsakleg samlar folk med like kjenneteikn. Både blant dei som er aktive i innvandrarakorganisasjonar, og blant dei som er aktive i religiøse foreningar, der ein må gå ut frå at det er mindre

kontakt med majoritetsbefolkninga, er tillitsnivået høgare enn blant innvandrere generelt.

Vidare kan vi sjå av figur 5 under at det generelt er ganske stor forskjell mellom dei som er aktive i fleire organisasjonar, og dei som er aktive berre i éin. Figur 5 viser samanhengen mellom tillit og kor mange organisasjonar ein har deltatt i. Den viser at det er eit omtrent like stort sprang frå éin til to organisasjonar som det er mellom ingen og éin. Deltaking på fleire arenaer inneber tilkopling til breiare nettverk, og dette ser ut til å henge saman med tillitsnivået. Vi ser likevel av talet på observasjonar at det store fleirtalet av frivillige blant innvandrere, rundt 85 prosent, berre er aktive i éin organisasjon.

Figur 5: Tillit og kor mange organisasjonar ein har deltatt i. Vekta tal. N = 4286. Kji-kvad., $p = ,000$.



Forklaringar på tillit: multippel regresjonsanalyse

Om vi skal prøve å isolere samanhengen mellom organisasjonsdeltaking og tillit, er det nødvendig å kontrollere for andre forhold. Både frivillig arbeid og tillit er koplta til andre faktorar, som landbakgrunn, språkkunnskapar, alder, ressursar og butid. Vi har derfor gjennomført ein regresjonsanalyse der alle desse kjenneteikna vart haldne konstante og samanhengen mellom frivillig

arbeid og tillit vart isolert. Resultata frå denne analysen er presentert i tabell 1 i appendiks.⁶

For det første viser regresjonsanalysen at tilliten aukar dersom innvandrarak deltakar i éin eller fleire frivillige organisasjonstypar. Samanhengen mellom tillit og organisasjonsengasjement består altså sjølv om vi kontrollerer for andre viktige faktorar. Vidare kan vi sjå nærare på kva det har å seie å ha deltatt i høvesvis ingen, éin eller to eller fleire organisasjonstypar. Tabell 1 under viser estimert tillitsnivå etter kor mange organisasjonar innvandrarakane har vore aktive i. Resultata viser at det er høgast nivå av tillit blant dei innvandrarakane som seier dei har deltatt i to eller fleire organisasjonstypar. Blant desse er det ein auke på 0,8 poeng på tillitsskalaen frå 0 til 10 samanlikna med dei som ikkje har vore aktive i frivillige organisasjonar. Dette funnet støttar opp under hypotesen vi diskuterte innleiingsvis om at det å delta på fleire arenaer (spesielt arenaer der innvandrarakar får større kontakt med majoritetsbefolkninga) gjer at ein blir kopla til eit breiare nettverk, og at dette heng saman med tillitsnivået.


Tabell 1: Estimert tillitsnivå på skala 0–10, etter kor mange organisasjonstypar innvandrarakane har vore aktive i det siste året. N = 3512.

| Talet på organisasjonstypar | Tillitsnivå |
|-----------------------------|-------------|
| Ingen | 5,7 |
| Éin | 6,1 |
| To eller fleire | 6,5 |

Vidare stadfestar regresjonsanalysen at tillitsnivået blant innvandrarakane held seg relativt stabilt uansett kor mykje tid dei brukar på frivillig arbeid. Figur 6 under viser at tilliten aukar blant dei som seier dei har deltatt 5–9 timar (effekten av å ha deltatt 1–4 timar er ikkje statistisk signifikant, og i denne kategorien er det litt få einingar), men at det ikkje er nokon særleg forskjell i nivået i tillit blant dei som har deltatt enda meir. Det kan dermed sjå ut som tillit er ein føresetnad for frivillig arbeid, heller enn omvendt, ettersom det er lite sannsynleg at det å vere aktiv i underkant av 10 timar i løpet av eitt år har påverka tillitsnivået.

⁶ Ettersom dei ulike variablane for frivillig arbeid (talet på organisasjonstypar, typar frivillig organisasjon, og kor mange timar per år brukt på frivillig arbeid) korrelerer ganske høgt, har vi køyrt separate modellar for desse.

Figur 6: Estimert tillitsnivå på skala 0–10, etter kor mange timar innvandrane har brukt på frivillig arbeid det siste året. $N = 3512$.



Til sist viser regresjonsanalysen også nokre interessante funn med tanke på kva slags organisasjonstypar innvandrane deltar i. Når ein samanliknar med å ikkje delta i frivillig organisasjonsarbeid, er det ein positiv og statistisk signifikant samanheng mellom tillit og det å delta i idrettslag. Dette resultatet støttar hypotesen om at deltaking i såkalla overskridande organisasjonar (som samlar folk på tvers av ulike kjenneteikn) er knytt til høgare generell tillit.

Når det gjeld dei meir innvandringsspesifikke forklaringsane, er eitt av funna at det ikkje er nokon samanheng mellom tillit og lang butid.⁷ Det er derimot ein samanheng mellom tillit og norskferdigheiter, ved at høgare ferdigheiter heng saman med høgare tillit. Vidare er òg landbakgrunn viktig, og her er det, som vi har sett før, dei med bakgrunn frå Polen som skil seg negativt ut samanlikna med alle andre land i datagrunnlaget. Innvandrere frå Sri Lanka skil seg positivt ut samanlikna med både Polen og dei andre landa. Elles er det jamt over høgare tillitsnivå blant innvandrere frå alle dei andre landa enn blant dei frå Polen, men forskjellane mellom desse landa er likevel ikkje statistisk

⁷ Her er det viktig å nemne at butid heng saman både med landbakgrunn og med språkferdigheiter, noko som kan bidra til å forklare kvifor vi ikkje ser ein generell samanheng mellom butid og tillit i denne analysen. For eksempel har innvandrere frå Polen (som scorar lågt på tillit) generelt kortare butid og lågare språkferdigheiter enn innvandrere frå andre land, mens innvandrere frå Sri Lanka (som scorar høgt på tillit) har generelt lengre butid og betre språkferdigheiter.

signifikante. Til slutt er det ein samanheng mellom innvandringsårsak og tillit. Tabell 2 under viser det estimerte tillitsnivået blant dei som seier dei har innvandra på grunn av enten arbeid eller studiar, familie eller ekteskap, eller flukt. Som vi ser av tabellen, er det estimerte tillitsnivået lågare hos dei som har innvandra på grunn av arbeid eller studiar, enn hos dei som kjem på grunn av familie/ekteskap eller flukt.

*Tabell 2: Estimert tillitsnivå på skala 0–10, etter årsak til innvandring.
N = 3512.*

| Innvandringsårsak | Tillitsnivå |
|-------------------|-------------|
| Arbeid/student | 5,4 |
| Familie/ekteskap | 5,9 |
| Flukt | 5,9 |

Til slutt kan vi nemne at tidlegare analysar har vist at språk er ei viktig forklaring for integrering og samfunnsdeltaking blant innvandrarar, og analysen stadfestar vidare at språkferdigheiter er ein viktig faktor i samband med tillit. Eit betra tilbod om språkopplæring til arbeidsinnvandrarar kan derfor tenkast å ikkje berre auke språkkompetansen, men òg legge til rette for auka kjennskap og tillit til nordmenn og Noreg blant arbeidsinnvandrarar.

Når det gjeld personlege kjenneteikn, finn vi òg at dei som har opplevd diskriminering på arbeidsmarknaden, på bustadmarknaden, på utestader, på gata og så vidare, òg har markant lågare tillit. Som i befolkninga elles aukar nivået av tillit med alderen, og det er spesielt dei middelaldrande som viser høgare tillit enn unge og eldre. Sosioøkonomisk status i form av høgare utdanning og inntekt har òg positiv effekt. Inntekt er her også ein indikator på integrasjon i arbeidslivet. I tillegg har kvinner i innvandrarbefolkninga noko høgare tillit enn menn.

Oppsummering og diskusjon

Oppsummert ser vi at det er ein samanheng mellom frivillig arbeid og tillit, og det ser dermed ut til å vere støtte for kontaktteorien som vi skisserte innleiingsvis. Likevel er ikkje desse dei einaste faktorane som spelar inn, og dei er heller ikkje dei viktigaste. Andre forhold, som landbakgrunn, språkkunnskap, årsak til innvandring, opplevd diskriminering, alder og status ser ut til å vere viktigare forklaringar på tillitsnivået blant innvandrarar.

Det er òg grunn til å ta nokre atterhald. For mens levekårsdataa er ein fantastisk ressurs, har dei også nokre avgrensingar. For det første har dei berre eitt mål for tillit, og det er nokså grovt. For kva er det eigentleg som blir målt når vi spør om tillit til «folk flest»? I ei tidlegare undersøking (Delhey og Newton, 2005) blant majoritetsbefolkninga vart det funne at blant dei som sa dei stolte på folk flest, var det likevel berre 44 prosent som stolte på ikkje-vestlege innvandrarar, og berre 30 prosent som stolte på austuropeiske

innvandrere. Disse gruppene var altså ikkje omfatta av den forståinga respondentane hadde av «folk flest». Kven ein reknar med i det vi kan kalle «tillitsradiusen», kan variere frå individ til individ og frå kultur til kultur. Delhey og Newton (2005) viste at personar frå Skandinavia definerer «folk flest» ganske breitt, mens dei for eksempel i Søraust-Asia tenkte på personar dei kjende, når dei svarte på spørsmålet. Slike variasjonar vil heilt sikkert finnast her også. Vi treng undersøkingar som ser på ulike former for tillit, for eksempel tillit til eiga etnisk gruppe og til majoritetsbefolkninga, til dei som bur i nærmiljøet og til folk ein kjenner personleg. Vi veit heller ikkje om ein samhandlar med folk frå same etniske gruppe, eller om dette går på tvers av etnisitetar. Her trengs det òg meir presise spørsmålsformuleringar.

For det andre sår eit av funna tvil om årsaksretninga går frå frivillig arbeid til tillit og ikkje motsett veg. Vi fann ein forskjell mellom dei som hadde gjort frivillig arbeid, og dei som ikkje hadde gjort det, men det var ingen forskjell mellom dei som hadde vore aktive veldig kort tid, og dei som hadde gjort over 250 timar innsats. Det er lite sannsynleg at å vere aktiv i éin til fem timer i løpet av eitt år har påverka tillitsnivået. Dette resultatet kan tyde på at det er dei tillitsfulle som søker seg til frivillig arbeid og ikkje omvendt, men her trengs det fleire undersøkingar for å kome fram til eksakte svar. Vi veit for eksempel ikkje kor aktive dei som har svart på undersøkinga, har vore tidlegare; vi veit berre kva dei har gjort det siste året.

Den tredje innvendinga er i slekt med den føregåande, nemleg at undersøkinga er gjort på eitt tidspunkt, slik at ho gir eit slags fotografi av situasjonen her og no. Det vi treng i staden, er ein «film» der vi følgjer dei same individa over relativt lang tid; det vi kallar paneldata. Dette vil vere krevjande og kostbart å gjennomføre, men først då kan vi slå fast kva som kjem først av tillit og frivillig arbeid – i tillegg til at vi vil få kasta lys over ei lang rekke andre viktige problemstillingar.

Frivillig arbeid og politisk deltaking

Kor utbreidd er den politiske deltakinga blant innvandarane, og heng politisk deltaking saman med tillit og frivillig arbeid? Eksisterande forskning på politisk deltaking blant innvandarar legg mellom anna vekt på at innvandarane med høgare sosial kapital, det vil seie dei som har eit nettverk utanfor familie og venner, og som i større grad deltar i ulike typar foreiningar, har høgare sannsyn for å delta i val (Tronstad og Rogstad, 2012). Spesifikt finn mellom anna Tronstad og Rogstad at innvandarar som deltar i organisasjonar som samlar folk med ulik bakgrunn, deltar meir enn dei som eine og aleine er aktive i organisasjonar eller forsamlingar som samlar folk med innvandarbakgrunn eller same religiøse bakgrunn.


I det følgjande undersøker vi innvandrardeltakinga i kommune- og fylkestingsvalet i 2015 (heretter kommunevalet). Ifølgje SSB (2017) deltok omtrent 40 prosent av innvandarar med norsk statsborgarskap i kommunevalet i 2015. Det tilsvarende talet for dei utan innvandarbakgrunn låg på rundt 65 prosent. Tala frå LKI 2016 viser likevel at ein betydeleg høgare del av innvandarane med norsk statsborgarskap, heile 68 prosent, seier at dei deltok i kommunevalet i 2015. Men det er ikkje uvanleg at valdeltakinga er høgare i utvalsundersøkingar enn valresultatet skulle tilseie. Ifølgje Tronstad og Rogstad (2012) kan dette tyde på fleire ting. Mellom anna kan det vere at folk seier dei har stemt, sjølv om dei ikkje har gjort det, og dette kan ha å gjere med at folk svarer slik dei trur det er forventa, og ikkje nødvendigvis slik dei faktisk har handla. Vidare kan det òg tyde på at ein i slike undersøkingar i større grad får svar frå dei som stemmer, enn frå dei som ikkje stemmer.

Politisk deltaking blant innvandarar

Før vi går til samanhengen mellom frivillig arbeid og politisk deltaking, skal vi ved hjelp av LKI-2016 kort sjå på korleis svara var på kvart enkelt av dei, og forskjellar basert på landbakgrunn. Igjen er det snakk om innvandarar frå 12 av dei 24 landa som flest innvandarar kjem til Noreg frå: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka.

I Noreg har også dei som ikkje har norsk statsborgarskap, men som har budd i landet i meir enn tre år, stemmerett ved kommune- og fylkestingsval. I datagrunnlaget er det derimot ingen av dei utan statsborgarskap som seier at dei har stemt ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015. Dei følgjande analysane er dermed basert på dei som seier dei har norsk statsborgarskap.⁸

Figur 7: Deltaking i kommunevalet 2015 blant innvandrere med norsk statsborgarskap, fordelt på landbakgrunn. Vekta prosent. N = 2722. Kji-kvad., p = ,000.



Når det gjeld politisk deltaking fordelt etter landbakgrunn, kan vi først nemne at delen innvandrere som svarte at dei deltok i kommunevalet i 2015, har ei variasjonsbreidd på heile 39 prosentpoeng, noko som tyder på at landbakgrunn er ei sterk forklaring på politisk deltaking blant innvandrere. Høgast deltaking finn vi blant innvandrere frå Sri Lanka (86 prosent), tett følgd av Pakistan (83


⁸ Det er ofte ei generell overrapportering av valdeltaking i spørjeundersøkingar samanlikna med registerdata. Nivåa som blir rapportert i denne rapporten basert på LKI, er mykje høgare enn kva registerdata syner for innvandrere generelt i Noreg. Blant norske statsborgere med innvandrerbakgrunn ligg valdeltakinga i lokalval på rundt 40 prosent, mens ho ligg på rundt 65 prosent for statsborgere utan innvandrerbakgrunn (Kleven, 2017), sjå <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/innvandrere-og-kommunestyrevalget-2015>. For våre formål i denne rapporten er ikkje det faktiske nivået det viktigaste, sidan vi fokuserer på samanlikning av ulike landbakgrunnar og svar på spørsmål om valdeltaking og frivillig arbeid. Vi samanliknar derfor ikkje nivået for dei ulike landbakgrunnane basert på LKI med registrert nivå for norske statsborgere utan innvandrerbakgrunn.

prosent). Disse funna harmonerer òg godt med andre mål på deltaking og tillit blant personar frå Sri Lanka, og med at innvandrarakar frå Pakistan har lang butid i Noreg, som òg vil påverke deltakingsnivået. For resten av landa er delen av personar som seier at dei deltok i kommunevalet, 70 prosent eller lågare: Somalia (70 prosent), Tyrkia (69 prosent), Vietnam (67 prosent), Irak (66 prosent), Bosnia-Hercegovina (65 prosent), Iran (65 prosent) Afghanistan (64 prosent) og Eritrea (60 prosent). Landa med færrest innvandrarakar som deltar i kommuneval, er Polen (58 prosent) og Kosovo (47 prosent). Kosovo og Polen er altså ikkje berre dei landa med lågast del innvandrarakar som deltar i frivillig arbeid (Eimhjellen og Arnesen, 2018), men dei er også blant dei landa som har lågast del innvandrarakar som deltar i kommuneval. Her er det likevel verdt å understreke at det er relativt få einingar frå Polen, noko som kjem av at ein stor majoritet av dei polske innvandrarakane i datasettet oppheld seg i Noreg som arbeidsinnvandrarakar og ikkje har norsk statsborgarskap. Vi må derfor vere forsiktige når vi konkluderer på grunnlag av desse dataa.

Politisk deltaking og (tal på) organisasjonstypar


Er det samanheng mellom frivillig arbeid og politisk deltaking blant innvandrarakar? Figur 8 under viser kor stor del av innvandrarakane som seier at dei deltok i kommunevalet i 2015, fordelt på om dei har utført frivillig arbeid for éin eller fleire frivillige organisasjonar. Som vi kan sjå frå figuren, er det ein vesentleg auke i delen politisk aktive blant dei som seier at dei har vore aktive i éin eller fleire frivillige organisasjonar. Blant dei som har deltatt i éin frivillig organisasjon, har 75 prosent stemt ved kommunevalet, samanlikna med 66 prosent av dei som ikkje har deltatt i frivillig arbeid. Dette utgjér ein auke på 9 prosentpoeng i politisk deltaking. Vidare ser vi at for dei som har utført frivillig arbeid for to eller fleire organisasjonar, er deltakinga på 82 prosent. Igjen er det altså ganske stor forskjell mellom dei som er aktive i fleire organisasjonar, og dei som berre er aktive i éin.

Figur 8: Mengd organisasjonstypar ein har utført frivillig arbeid for, og deltaking i kommunevalet blant innvandrere med norsk statsborgarskap. Vekta prosent. $N = 2722$. Kji-kvad., $p = ,000$.




Vidare kan vi sjå av figur 9 under at delen politisk aktive aukar med kor mange timar innvandrane seier dei har deltatt i frivillig arbeid. Blant dei som har vore aktive i frivillige organisasjonar i 5–9 timar eller mindre, er det om lag 60 prosent som seier dei har deltatt i kommunevalet, mens blant dei som har vore aktive i 10–24 timar eller meir, er delen politisk aktive om lag 80 prosent. Aktiv deltaking i frivillig arbeid ser dermed ut til å auke sannsynet for politisk deltaking. Når det er sagt, treng vi data over tid for å seie noko heilt sikkert om retninga på denne samanhengen.

Figur 9: Timar frivillig arbeid og politisk deltaking blant innvandrarak med norsk statsborgarskap. Vekta prosent. $N = 2722$. Kji-kvad., $p = ,000$.



Som vi skisserte innleiingsvis, forventar vi at dei som deltar i organisasjonar som samlar folk med ulik bakgrunn, deltar meir enn dei som berre er aktive i organisasjonar eller foreiningar som samlar andre folk med innvandrarbakgrunn eller same religiøse bakgrunn. Ein nærare kikk på data kan sjå ut til å bekrefte denne hypotesen. Figur 10 nedanfor viser kor stor del av innvandrarane som stemte ved kommunevalet, fordelt på kva typar frivillige organisasjonar dei har vore aktive i. Her er det verdt å understreke at talet på observasjonar er lågt i mange kategoriar, og det er derfor vanskeleg å trekke eintydige konklusjonar.

Figur 10: Type organisasjon ein har utført frivillig arbeid for, og deltaking i kommunevalet blant innvandrere som har norsk statsborgarskap og som har deltatt i ein organisasjonstype. Vekta prosent. $N = 2722$. Kji-kvad., $p = ,002$.



Ikkje overraskande er det høg politisk deltaking blant dei innvandrane som har vore aktive i politiske parti eller ungdomsorganisasjonar. I tillegg er det høg politisk deltaking blant dei som deltar i ikkje-religiøse livssynsorganisasjonar (100 prosent), friluftsg. (87 prosent), pasientorganisasjonar (87 prosent) og idrettslag (78 prosent). Desse tala støttar hypotesen om at dei innvandrane som deltar i organisasjonar som samlar folk med ulik bakgrunn, deltar meir enn dei som berre er aktive i organisasjonar eller foreiningar som samlar folk med innvandrarakgrunn. Når det er sagt, ser vi samtidig at dei som er frivillige for religiøse organisasjonar, som samlar personer med lik tru, har relativ høg valdeltaking, mens dei som deltar i kulturaktivitetar, ikkje har særleg høgare deltaking enn innvandrere generelt. Dette strider mot hypotesen om overskridande sosial kapital.

Vidare er det å delta i innvanderorganisasjonar knytt til lågare politisk deltaking (54 prosent) samanlikna med å delta i andre organisasjonar. Det er dessutan berre denne kategorien som skil seg negativt ut samanlikna med politisk deltaking blant innvandrere generelt (68 prosent) og samanlikna med det å ikkje ha vore aktiv i ein frivillig organisasjon (67 prosent). At deltaking i innvanderorganisasjonar ser ut til å ha ein negativ samanheng med politisk deltaking, støttar hypotesen om at deltaking i samanbindande organisasjonar


kan føre til sterk intern integrasjon (eller segregering) på kostnad av tillit til menneske utanfor – og dermed også til lågare sannsyn for å delta i kollektive handlingar som politiske val. Her er det likevel viktig å understreke at talet på innvandrarak i LKI-2016 som seier dei har vore aktive i innvandrarak-organisasjonar, er svært lågt (N = 25). Vi må derfor vere forsiktige med å konkludere på bakgrunn av desse tala.

Forklaringar på politisk deltaking

For å sjå om samanhengane mellom frivillig arbeid og politisk deltaking står seg når vi kontrollerer for andre relevante forklaringar, har vi gjennomført ein logistisk multipel regresjonsanalyse (sjå tabell 2 i appendiks). I denne analysen kontrollerer vi for dei meir personlege bakgrunnskjeneteikna (kjønn, alder, utdanning, inntekt, omsorg for familiemedlemmer, mengd barn, sysselsetting og helse), dei meir innvandringsspesifikke kjeneteikna (butid, årsak til innvandring, norskkunnskapar og landbakgrunn) og graden av tillit.


Resultata frå den kontrollerte modellen bekreftar den teoretiske forventninga vi skisserte innleiingsvis om at det er ein positiv samheng mellom deltaking i éin eller fleire frivillige organisasjonar og deltaking i kommunevalet i 2015. Denne samnhengen er vidare presentert i figur 11 nedanfor, som viser det estimerte sannsynet for å delta i kommunevalet gitt at ein har deltatt i éin eller fleire frivillige organisasjonar. Som vi kan sjå av figuren, aukar sannsynet for å delta i val frå 67 prosent blant dei som ikkje deltar i frivillig arbeid, til 76 prosent blant dei som er aktive i éin organisasjon. Blant dei som deltar i to eller fleire organisasjonar, er det estimerte sannsynet for å delta 81 prosent.

Figur 11: Sannsyn for deltaking etter kor mange organisasjonstypar ein har utført frivillig arbeid for. $N = 2417$.



Vidare bekreftar regresjonsanalysen at sannsynet for å delta i politiske val aukar med kor mange timar innvandrane seier dei har deltatt i frivillig arbeid. Men samanhengen er ikkje heilt rett fram. Som vi ser av figur 12 under, er det ein markant og statistisk signifikant auke i sannsynet for politisk deltaking blant dei som har vore aktive i 10–24 timar eller 25–99 timar, når vi samanliknar med dei som ikkje har utført frivillig arbeid. Det er derimot ikkje nokon statistisk signifikant forskjell blant dei som har deltatt relative lite (1–4 eller 5–9 timar), eller dei som har deltatt veldig mykje (over 100 timar). Uansett tyder resultata på at det er først når ein har deltatt ein god del timar, at frivillig arbeid har ein positiv samanheng med politisk deltaking.

Figur 12: Estimert sansyn for politisk deltaking etter kor mange timar ein har brukt på frivillig arbeid det siste året. $N = 2417$.



Til sist viser regresjonsanalysen nokre interessante funn med tanke på kva slags organisasjonstypar innvandrarane deltar i. Når vi samanliknar med dei som ikkje deltar i frivillig organisasjonsarbeid, er det ikkje overraskande ein positiv og statistisk signifikant påverknad på sannsynet for å delta i politiske parti/ungdomslag, sidan dei som deltek i slike organisasjonar, gjerne vil vere motivert av ei større politisk interesse. I tillegg er det òg ein positiv og signifikant samanheng mellom politisk deltaking og frivillig arbeid for idrettslag. Idrettslag er generelt den vanlegaste organisasjonstypen å gjere frivillig arbeid for i Noreg, og aktiviteten i slike organisasjonar inneber gjerne samhandling og integrering mellom majoritet og minoritet. Dette støttar hypotesen diskutert innleiingsvis om at deltaking i såkalla overskridande organisasjonar, altså organisasjonar som samlar folk på tvers av ulike kjenneteikn, vil kunne vere positivt for politisk deltaking.

Av andre forklaringar på kva som påverkar politisk deltaking, kan vi sjå at landbakgrunn er viktig. Når vi samanliknar med innvandrarar frå Polen, er det ein statistisk signifikant auke i politisk deltaking blant innvandrarar frå Somalia, Sri Lanka og Pakistan. Ikkje uventa aukar òg den politiske deltakinga med alder, med utdanning og med kor mange barn innvandrarane har. Vidare er det også ein positiv samanheng mellom tillit og politisk deltaking.

Til slutt er det verdt å nemne at dei innvandringsspesifikke faktorane butid, norskferdigheiter og innvandringsårsak ikkje har nokon signifikant effekt på

politisk deltaking.⁹ Ei mogleg årsak til dette kan vere at vi i denne analysen berre analyserer dei som har norsk statsborgarskap. I denne gruppa av innvandrere er det ei overvekt av dei som har budd i Noreg i lengre tid, av dei som har betre norskferdigheiter, og av dei som har innvandra til Noreg på grunn av familie/ekteskap eller flukt og ikkje fordi dei søker arbeid.

Oppsummering og diskusjon

Oppsummert ser vi at det er ein samanheng mellom frivillig arbeid og politisk deltaking. Vi tolkar òg funna i retning av at dei støttar den teoretiske forventninga skissert innleiingsvis om at aktiv deltaking i sivilsamfunnet er ein føresetnad for politisk deltaking. Denne konklusjonen er støtta i funn om at sannsynet for politisk deltaking ser ut til å auke med den tida innvandrane brukar på frivillig arbeid. Når det er sagt, vil vi trenge data over tid for å kunne endeleg konkludere med kva årsaksretning det er på samanhengen mellom frivillig deltaking og politisk deltaking.

Vidare er det støtte i dei kontrollerte analysane for hypotesen om at deltaking i såkalla overskridande organisasjonar, altså organisasjonar som samlar folk på tvers av ulike kjenneteikn, verkar positivt inn på politisk deltaking. Dei beskrivande analysane tyder på at deltaking i innvandrorganisasjonar (som vi kan gå ut frå er meir samanbindande og i større grad samlar personar med like kjenneteikn) heng saman med låg politisk deltaking, men desse tendensane klarer vi ikkje å bekrefte når vi kontrollerer for andre relevante faktorar.

På same måte som ved analysen av tillit er det grunn til å ta nokre atterhald ved analysen av politisk deltaking. Ettersom analysen av politisk deltaking er avgrensa til dei innvandrane som har norsk statsborgarskap – og som dermed òg har høve til å stemme ved val –, er talet på einingar i denne analysen noko lågare. Spesielt kan vi nemne at det er relativt få polakkar med i denne analysen, noko som betyr at vi må vere forsiktige med å konkludere for bastant at valdeltakinga er spesielt låg i denne gruppa. At såpass få av polakkane har norsk statsborgarskap – noko som følgjer av at dei fleste polakkane i datamaterialet oppheld seg i Noreg som arbeidsinnvandrere –, er derimot interessant i seg sjølv, fordi det er tydeleg at ein slik type lausare tilknytning til Noreg har konsekvensar for kva moglegheiter dei har for å delta.

Vidare er det relativt få einingar i gruppa av innvandrere som seier dei har utført frivillig arbeid for ein innvandrorganisasjon. Dette kan bidra til å

⁹ På same måte som ved analysen av tillit er det viktig å nemne her at butid heng saman både med landbakgrunn og med språkferdigheiter, noko som kan bidra til å forklare kvifor vi ikkje ser ein generell samanheng mellom butid og tillit i denne analysen. For eksempel har innvandrere frå Polen (som scorar lågt på tillit) generelt kortare butid og lågare språkferdigheiter enn innvandrere frå andre land, mens innvandrere frå Sri Lanka (som scorar høgt på tillit) har generelt lengre butid og betre språkferdigheiter.

forklare kvifor vi ikkje ser nokon negativ påverknad av deltaking i denne typen organisasjon i den kontrollerte modellen. På den andre sida inneber òg ei låg mengd einingar at vi må vise atterhald i å konkludere med at det i det heile tatt er lågare politisk deltaking blant innvandrarak som deltar i desse organisasjonane. Meir konkrete og djupare studiar av korleis innvandrarak i desse organisasjonane ser på det å delta i val, er nødvendig for å kunne konkludere her.

Til slutt er det på same måte som ved analysen av tillit verdt å nemne at vi i denne analysen opererer med eit tverrsnitt av innvandrarak og deltakinga deira i eitt val på kommune- og fylkestingsnivå. Derfor veit vi for eksempel ikkje om det er forskjell på kor tilbøyelege innvandrarakane er til å delta i høvesvis kommune-/fylkestingsval og stortingsval. Fleire undersøkingar av innvandrarakdeltakinga i fleire typar val vil kunne gi oss betre og meir nyansert innsikt i kva faktorar som påverkar den politiske deltakinga blant innvandrarak.

Frivillig arbeid og uformell hjelp til andre

I Noreg utfører omtrent 11 prosent av befolkninga ulønt omsorgsarbeid for nokon utanfor familien. Dersom ein reknar med omsorgsarbeid innanfor familien, er talet 45 prosent (Jegermalm, Hermansen og Fladmoe, 2019). Dette tyder på at det sjølv i ein godt utbygd velferdsstat er eit visst behov for denne typen frivillig omsorg. Men kor utbreidd er uformelt omsorgsarbeid blant innvandrarane? Som skissert innleiingsvis kan uformelt omsorgsarbeid blant innvandrarar sjåast som eit mål på samfunnsengasjementet deira. Ein hypotese er her at uformelt omsorgsarbeid er meir utbreidd blant innvandrargrupper enn i majoritetsbefolkninga i Noreg. I Sverige tyder for eksempel data på at minoritetsbefolkninga er overrepresentert i forhold til majoritetsbefolkninga når det gjeld slik uformell hjelp og omsorg til andre (Svedberg, Jegermalm og von Essen, 2010). I land utan ein omfattande velferdsstat, som mange av innvandrarane i Noreg kjem frå, vil det vere meir nødvendig og vanleg å delta i denne typen omsorgsarbeid. Det kan hende dette gjer at innvandrarar, og kanskje nokre innvandrargrupper spesielt, er meir engasjert i denne typen frivillig engasjement.

Vidare utleide vi innleiingsvis to konkurrerande hypotesar når det gjeld samanhengen mellom deltaking i frivillig organisasjonsarbeid og uformelt omsorgsarbeid. Den eine hypotesen er at dei som er meir tilbøyelege til å delta i frivillig arbeid, også er meir tilbøyelege til å utføre ulønt omsorgsarbeid – og at dette kjem av at enkelte menneske i større grad har ein ibuande motivasjon for å delta i frivillig arbeid. Den andre hypotesen er tvert imot at dei to formene for frivillig arbeid konkurrerer med kvarandre, på den måten at auka uformelt omsorgsarbeid reduserer vanleg organisasjonsengasjement.


I *Levekårsundersøkelsen blant innvandrere 2016* (LKI-2016) vart respondentane spurt om dei gir uformell hjelp til andre, på denne måten: «Gir du regelmessig noe ulønnet praktisk hjelp til eller tilsyn med syke, funksjonshemmede eller eldre utenfor husholdningen?» På dette spørsmålet seier om lag 8 prosent av innvandrarane i undersøkinga at dei regelmessig gir ulønt praktisk hjelp, noko som er lågare enn det som er rapportert for majoritetsbefolkninga (Jegermalm, Hermansen og Fladmoe, 2019). Uformelt omsorgsarbeid utanfor hushaldet er vidare mindre utbreidd enn frivillig arbeid

blant innvandrere (17 prosent). Det er likevel viktig å påpeike at dei to tala ikkje er direkte samanliknbare. Spørsmålet om ulønt omsorg omhandlar *regelmessig* praktisk hjelp eller tilsyn til personar utanfor hushaldet, mens spørsmålet om frivillig arbeid handlar om ein i løpet av dei siste 12 månadene har utført noko frivillig arbeid. Vi kan dermed gå ut frå at dersom innvandrane hadde blitt bedne om å svare på om dei ein gong i løpet av dei siste 12 månadene hadde utført noka form for ulønt omsorgsarbeid, ville tala ha vore høgare.

Ulønt omsorgsarbeid og landbakgrunn

Korleis fordeler så ulønt omsorgsarbeid seg på landbakgrunn? Rapporten *Organisasjonsengasjement blant innvandrere frå 2018* (Eimhjellen og Arnesen, 2018) viste at det var relativt store forskjellar i frivillig deltaking blant innvandrere frå ulike land. I det følgjande skal vi ved hjelp av LKI-2016 sjå på ulønt omsorgsarbeid i tilknytning til landbakgrunn og samanlikne dette med frivillig arbeid. Igjen er det snakk om innvandrere frå 12 av dei 24 landa flest innvandrere kjem til Noreg frå: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka.

Figur 13: Ulønt omsorgsarbeid blant innvandrere fordelt på landbakgrunn. Vekta prosenttal. N = 4390. Kji-kvad., p = ,000.




Når det gjeld ulønt omsorgsarbeid fordelt etter landbakgrunn, ser vi først at delen innvandrere som utfører slikt arbeid, har ei variasjonsbreidd på 9 prosentpoeng. Dette er ei lågare variasjonsbreidd enn når det gjeld deltaking i frivillig arbeid blant innvandrere fordelt etter landbakgrunn, som er på 25 prosent (Eimhjellen og Arnesen, 2018). Dette tyder på at landbakgrunn ikkje er ei like sterk forklaring på ulønt omsorgsarbeid som på frivillig arbeid.

Tyrkia har den høgaste delen personar som deltar i ulønt omsorgsarbeid (13 prosent), tett etterfølgd av Irak (12 prosent), Eritrea (11 prosent), Bosnia-Hercegovina (10 prosent). For resten av landa er delen personar som deltar i ulønt omsorgsarbeid, under 10 prosent: Iran (9 prosent), Vietnam (9 prosent), Somalia (8,5 prosent), Pakistan (8 prosent), Afghanistan (7 prosent), Sri Lanka (6 prosent) og Kosovo (5 prosent). Landet med færrest innvandrere som deltar i ulønt omsorgsarbeid, er Polen (4 prosent). Polen er altså ikkje berre det landet som har lågast del innvandrere som deltar i frivillig arbeid (Eimhjellen og Arnesen, 2018) og i politiske val (jamfør analysen i kapittel 3); det er også det landet som har lågast del innvandrere som regelmessig utfører ulønt omsorgsarbeid utanfor familien. Dette stadfestar igjen at polakkar deltar lite i samfunnet utanom den private sfæren og familien.

Ulønt omsorgsarbeid og frivillig arbeid

Er det samheng mellom frivillig arbeid og ulønt omsorgsarbeid? Figur 14 under viser kor stor del av innvandrane som seier dei har utført ulønt omsorgsarbeid, fordelt på om dei har utført frivillig arbeid for éin eller fleire frivillige organisasjonar. Som vi kan sjå frå figuren, er det ein vesentleg auke i delen som har gjort ulønt omsorgsarbeid, blant dei som seier at dei har vore aktive i éin eller fleire frivillige organisasjonar. Blant dei som har deltatt i éin frivillig organisasjon, har 17 prosent utført ulønt omsorgsarbeid, mot 6 prosent blant dei som ikkje har deltatt i frivillig arbeid. Dette utgjer ein auke på 11 prosentpoeng, noko som tyder på at ein viss type menneske er meir tilbøyelege til å delta aktivt både i organisasjonslivet og i ulønt omsorgsarbeid.


Figur 14: Omsorgsarbeid fordelt på kor mange organisasjonar innvandrane seier at dei har utført frivillig arbeid for. $N = 4390$. Kji-kvad., $p = ,000$.



Trass i dette er det òg indikasjonar i datamaterialet på at auka mengd frivillig arbeid reduserer mengda ulønt omsorgsarbeid. Som vi kan sjå av figur 14, seier om lag 14 prosent av dei som har vore aktive i to eller fleire organisasjonar, at dei også har utført ulønt omsorgsarbeid. Dette er ein litt lågare del enn for dei som er aktive i berre éin frivillig organisasjon, noko som kan tyde på at dei to formene for frivillig arbeid konkurrerer med kvarandre.


For å undersøke denne samanhengen enda litt nærare kan vi sjå på korleis ulønt omsorgsarbeid heng saman med kor mange timar innvandrane deltar i frivillig organisasjonsarbeid. Figur 15 under viser at over 25 prosent av dei som seier dei har brukt 1–4 timar på frivillig arbeid, også har utført ulønt omsorgsarbeid. Delen minkar så til om lag 12 prosent blant dei som har brukt 5–9 timar eller meir på frivillig arbeid, noko som kan tyde på at dei to formene for omsorgsarbeid konkurrerer med kvarandre. Men når det er sagt, så fortset ikkje delen å minke blant dei som har deltatt enda meir i frivillig arbeid. Faktisk aukar delen igjen blant dei som seier dei har deltatt svært mykje i frivillig arbeid (meir enn 25–99 timar). Totalt sett tyder dermed dette på at dei to formene for frivillig arbeid ikkje konkurrerer med kvarandre, men at dei i staden komplementerer kvarandre.

Figur 15: Omsorgsarbeid og timar brukt på frivillig arbeid. Vekta prosent. $N = 4390$. Kji-kvad., $p = ,000$.



Vidare kan vi sjå på samanhengen mellom ulønt omsorgsarbeid og kva typar frivillige organisasjonar innvandarane har vore aktive i. Som vi kan sjå av figur 16 under, ser det ut til å vere ein generell samanheng mellom deltaking i frivillige organisasjonar og ulønt omsorgsarbeid. Ikkje overraskande er det ein sterk samanheng mellom å ha utført ulønt omsorgsarbeid og å ha vore aktiv i ein pasientorganisasjon; halvparten av dei som er aktive i pasientorganisasjonar, seier dei også har utført ulønt omsorgsarbeid. Vidare er det ein ganske høg del av dei som har vore aktive i organisasjonar for miljø, menneskerettar og humanitære formål (26 prosent), innvandarorganisasjonar (22 prosent), religiøse foreiningar (17 prosent), «andre organisasjonar» (16 prosent) og kulturaktivitetar (15 prosent), som også seier dei har utført ulønt omsorgsarbeid.

Figur 16: Omsorgsarbeid og type organisasjon innvandrarane har vore aktive i det siste året. Vekta prosent. $N = 4390$. Kji-kvad., $p = ,000$.




Forklaringar på ulønt omsorgsarbeid

For å sjå om variasjonen i dei ulike bakgrunnskjenneiteikna kvar for seg står seg når vi kontrollerer for variasjonen i dei andre kjenneiteikna, har vi gjennomført ein logistisk multipel regresjonsanalyse (sjå tabell 3 i appendiks). På same måte som i dei tidlegare analysane av tillit og politisk deltaking ser vi her på sannsynet for å ha utført ulønt omsorgsarbeid i innvandrarutvalet ut frå dei personlege bakgrunnskjenneiteikna, dei meir innvandringspesifikke kjenneiteikna og dei ulike landbakgrunnane.

Den kontrollerte modellen gav i hovudsak to statistisk signifikante funn av interesse. Det første funnet bekreftar den generelle tendensen i datamaterialet til at dei innvandrarane som deltar i frivillig arbeid, også utfører meir ulønt omsorgsarbeid. Denne samanhengen er presentert i figur 17 under, som viser det estimerte sannsynet for å ha gitt omsorgsarbeid etter deltaking i frivillig arbeid. Blant innvandrarar som ikkje har utført frivillig arbeid, er det estimert at om lag 6 prosent har utført ulønt omsorgsarbeid. Derimot er det blant dei som seier dei har utført frivillig arbeid for éin organisasjonstype, estimert at 18 prosent har utført ulønt omsorgsarbeid. Dette utgjer ein 12 prosentpoengs forskjell. Det er altså ein tydeleg og statistisk signifikant samheng mellom frivillig arbeid og ulønt omsorgsarbeid.


Figur 17: Sannsyn for å ha utført ulønt omsorgsarbeid etter kor mange typar organisasjonar ein har utført frivillig arbeid for. $N = 3512$.



Vidare er det estimert at 16 prosent av dei som har vore aktive i to eller fleire organisasjonar, også har utført ulønt omsorgsarbeid. Det er derimot ikkje nokon signifikant forskjell mellom å delta i éin og å delta i to eller fleire organisasjonstypar. Vi kan dermed ikkje konkludere med at det å delta i fleire typar frivillige organisasjonar har nokon påverknad på deltaking i ulønt omsorgsarbeid. I staden støttar desse funna hypotesen om at dei to formene for frivillig arbeid ikkje konkurrerer med kvarandre, men at dei i staden komplementerer kvarandre; dei innvandrarane som er meir tilbøyelege til å delta i frivillige organisasjonar, ser òg ut til å vere meir tilbøyelege til å utføre ulønt omsorgsarbeid.

Dette funnet blir vidare bekrefta når vi ser på samanhengen mellom omsorgsarbeid og timar brukt til frivillig arbeid det siste året. Figur 18 under viser at sannsynet for å ha utført ulønt omsorgsarbeid ikkje aukar eller minkar noko særleg avhengig av kor mange timar innvandrarane har vore aktive i frivillige organisasjonar (dei store konfidensintervalla viser at desse estimata er ganske usikre, noko som reflekterer dei relativt få einingane i datasettet).

Figur 18: Sannsyn for å ha utført ulønt omsorgsarbeid etter kor mange timar ein har arbeidd for frivillige organisasjonar det siste året. N = 3512.



Vidare er det òg samanheng mellom kva organisasjonstypar innvandrarane har vore aktive i, og ulønt omsorgsarbeid. Når ein samanliknar med å ikkje ha vore aktiv i frivillige organisasjonar, er det ein positiv og statistisk signifikant samanheng mellom deltaking i ulønt omsorgsarbeid og det å ha vore aktiv i dei fleste typar organisasjonar (med unntak av politisk parti/ungdomslag, friluftsgeselskap, ikkje-religiøs foreining og innvandrarorganisasjon). Når vi ser på storleiken på samhengane, er det sterkast samanheng mellom ulønt omsorgsarbeid og deltaking i pasientorganisasjonar. Deretter kjem deltaking i organisasjonar under kategoriane «miljø, menneskerettar og humanitært arbeid», kulturaktivitetar og «andre organisasjonar».

Det andre funnet av interesse er at det er ein statistisk signifikant samanheng mellom å ha utført omsorgsarbeid for egne familiemedlemmer og det å utføre uformelt omsorgsarbeid utanfor hushaldet. Blant innvandrarar som ikkje har gitt omsorg til familiemedlemmer, er det estimert at om lag 8 prosent har utført ulønt omsorgsarbeid utanfor hushaldet. Blant dei som seier dei har gitt omsorg til familiemedlemmer, derimot, er det estimert at 20 prosent har utført ulønt omsorgsarbeid. Dette utgjer ein forskjell på 12 prosentpoeng.

Til slutt er det verdt å nemne at det i den kontrollerte modellen ikkje er nokon statistisk signifikant samanheng mellom landbakgrunn og ulønt omsorgsarbeid. Dermed kan vi ikkje konkludere med at dei relativt store forskjellane vi kan observere på tvers av land, har samanheng med

landsspesifikke eigenskapar ved innvandrane i LKI-2016. Vidare er det heller ikkje nokon statistisk signifikant samanheng mellom ulønt omsorgsarbeid og butid, norskferdigheiter eller årsak til innvandring. Det er heller ikkje nokon samanheng med dei andre personlege bakgrunnskjenneiteikna som er med i analysen. Det er igjen verdt å nemne at det er ganske få einingar på fleire av variablane, og vi må derfor vere forsiktige med å konkludere med at desse ikkje har noko å seie for kor sannsynleg det er at innvandrane utfører ulønt omsorgsarbeid.

Oppsummering og diskusjon

Oppsummert ser vi at det er ein samanheng mellom frivillig arbeid og ulønt omsorgsarbeid og ein samanheng mellom å ha utført ulønt omsorgsarbeid høvesvis innanfor og utanfor familien. Sett under eitt tyder desse funna på at enkelte individ generelt er meir tilbøyelege til å delta aktivt i frivillig arbeid, og at det for desse individa ikkje synest å vere slik at ulike former for frivillig arbeid konkurrerer med kvarandre. I så måte er det er hensiktsmessig å sjå ulønt omsorgsarbeid som éin ende på eit kontinuum av sivilsamfunnsengasjement frå offentleg og synleg organisasjonsengasjement til meir privat engasjement for enkeltpersonar (Henriksen et al., 2008) – og så er det enkelte individ som har ein tendens til å vere aktive i begge endar av kontinuumet.

Når det er sagt, er det ein ganske tydeleg samanheng mellom å ha utført ulønt omsorgsarbeid og å ha vore aktiv i pasientorganisasjonar. Dette er ikkje overraskande i lys av at det er mykje som er likt ved desse typane frivillig arbeid. Dette betyr òg at sjølv om det ser ut til å vere ein generell samanheng mellom frivillig organisasjonsarbeid og ulønt omsorgsarbeid, så er denne samanhengen sterkast for dei som aktivt arbeider frivillig for pasient- og helseorganisasjonar – altså i organisasjonar som representerer grupper av befolkninga som det òg vil vere naturleg å utføre ulønt omsorgsarbeid for.

Til sist er det igjen viktig å understreke at talet på einingar i denne analysen er relativt lågt, ettersom det totalt berre er 382 av innvandrane i datasettet som seier dei har utført ulønt omsorgsarbeid. Dette inneber ein del avgrensingar i kor detaljerte analysar vi kan gjere, for eksempel når det gjeld innverknaden frå landbakgrunn, organisasjonstypar eller andre variablar som inneheld fleire kategoriar. Denne analysen blir dermed meir å rekne som eit første spadestikk enn som ein fullverdig analyse av kva faktorar som påverkar innvandrarar til å ta del i ulønt omsorgsarbeid.

Barrierar for samfunnsdeltaking blant polakkar i Noreg

Som nemnt innleiingsvis ønskjer vi i denne rapporten òg å utforske årsakene til og bakgrunnen for den særdeles låge deltakinga i frivillig arbeid blant polakkar i Noreg. Polakkar er ein av dei nyaste gruppene av innvandrarakar i Noreg, og det er også den største, med 98 691 personar (SSB, 2019). Vi ser no framveksten av eit permanent polsk samfunn i Noreg (Friberg, 2013; Slany og Struzik, 2016; Iglicka, Gmaj og Wierzejski, 2018).¹⁰ Det er derfor viktig å undersøke status for integrering av polakkar i det norske samfunnet generelt og i sosialt og politisk engasjement spesielt. I dei føregåande kapitla har vi sett at denne innvandrargruppa også ligg lågt på indikatorar for tillit, uformell hjelp til andre og politisk deltaking.

Ved hjelp av eksisterande litteratur og nokre støtteintervju med representantar for frivillige organisasjonar i Noreg skal vi i dette kapitlet utforske noko av bakgrunnen for desse låge nivåa av samfunnsengasjement.

Polsk migrasjon i nyare tid

Dei fleste polakkane i Noreg har kome som del av den største innvandringsbølgja til Noreg nokosinne, som følgje av utvidinga av EU i 2004 då ti nye land (åtte av dei i det austlege Europa) vart inkludert i unionen. Den viktigaste tiltrekkingsfaktoren ved Noreg for polakkane har vore tilgjengeleg arbeid med relativt gode lønningar (gjennomsnittleg seks gonger høgare enn i Polen, trass lågare nivå enn for nordmenn). Det er i størst grad polske menn (64 prosent) som har kome til Noreg for å arbeide, ofte i mellombelse stillingar, i bygg- og anleggsbransjen, mens ein mindre del kvinner (36 prosent) har kome for å arbeide innanfor reinhald, i hotell- og restaurantbransjen eller innanfor helse og omsorg. Det er etter kvart også mange polske kvinner som kjem til Noreg for å bli gjenforeint med sambuar eller ektefelle.

¹⁰ Det er likevel ikkje vanleg å søke om norsk statsborgarskap blant polakkar, og det heng saman med at ein stor del av dei er arbeidsinnvandrarakar (Iglicka, Gmaj og Wierzejski, 2018).

Sjølvd om mange polske migrantar har kortare opphald i Noreg, er det fleire og fleire som slår seg ned meir permanent. Ei spørjeundersøking blant polske innvandrarak (Iglicka, Gmaj og Wierzejski, 2018) viste for eksempel at 50 prosent planlegg å bli permanent i Noreg. Ho viste òg at 35 prosent ikkje har bestemt seg, men at desse ofte endar opp med å bli her meir permanent. Talet på polakkar som har budd meir enn seks år i Noreg, har auka frå 6000 i 2010 til 35 000 i 2015, noko som utgjer ein tredjedel av alle polakkane i Noreg. Familieinnvandring frå Polen er òg den største i Noreg på tvers av ulike landbakgrunnar (Iglicka, Gmaj og Wierzejski, 2018). På få år (2011–2015) har det blitt 40 prosent fleire fødsalar blant polske kvinner i Noreg, og i tillegg bur over 16 000 polske barn (15 år og yngre) i Noreg. Det at dei har barn i skulepliktig alder i Noreg, er noko kvar fjerde polakk nemner som eit sentralt argument for å bli verande i Noreg meir permanent.

Når det gjeld internasjonal forskning, så blir det i Storbritannia og i andre EU-land funne at polske immigrantar er ganske passive når det gjeld organisert sosial deltaking, samanlikna med andre migrantgrupper (Fin et al., 2013; Lacroix, 2012). Polske migrantar har vist seg å vere særskilt inaktive når det gjeld politisk deltaking (Driver og Garapich, 2010). Dette blir forklart med at mange som har migrert, har fått sikra seg eit godt levesett der dei er, og har fått eliminert mange negative faktorar som normalt driv politisk engasjement (Garapich, 2013: 155). Dei opplever gjerne at dei ikkje har nokon grunn til å engasjere seg. Når det gjeld framvekst av polske migrantorganisasjonar internasjonalt, viser forskning at desse ofte er klassebaserte, med vekt på intern «bonding» heller enn «bridging» og på partikulær heller enn generalisert tillit (Ryan, Sales, Tilki og Siara, 2008; Pustulka, 2016; Garapich, 2013). Frivillige organisasjonar som blir oppretta av polakkar, ser altså ut til å i stor grad vere retta internt mot polakkar og polsk kultur heller enn ut mot majoritetssamfunnet.

I tidlegare studiar av polakkar i Noreg har det blitt funne at mange av dei som har kome til Noreg sidan 2004, i liten grad opplever tilhøyrslle til Noreg, sjølvd om dei slår seg ned her med familie (Guribye, 2018). Mange fokuserer på polske sosiale nettverk, og dei les polske aviser og ser på polsk tv. Mange har også gjerne ein bustad i Polen og besøker familien der ofte (Guribye, 2018). Den fritida polakkar har i Noreg, blir gjerne brukt til familie, og for dei som har barn som går i norsk skule, blir også forholdet til skulen ein del av kvardagen. Mange polakkar har også vore relativt raske med å tilpasse seg den «skandinaviske» måten å vere aktiv i idrett og friluftsliv på, gjerne saman med barn og familien, men dette er oftast utanfor det etablerte norske organisasjonslivet. Bortsett frå tid brukt på arbeid, familie, og til dels skuleforholdet så deltar veldig få polakkar i aktivitetar i lokalsamfunnet og i lag og foreiningar. Rapporten *Organisasjonsengasjement blant innvandrarak* (Eimhjellen og Arnesen, 2018) viser òg at polakkar er dei som deltar minst i frivillig arbeid blant innvandrarak i Noreg (Eimhjellen og Arnesen, 2018). Dei

har lågast del frivillige (10 prosent) og utfører færrest timar frivillig arbeid. Som vi har sett ovanfor i denne rapporten, viser analysar òg at polakkar har dei lågaste tala når det gjeld mål på tillit, politisk deltaking og ulønt omsorg til andre.

I Noreg har også den polske diasporaen vore nærast usynleg som politisk aktør (Godzimirski, 2011), og det har generelt vore lite formell sivilsamfunnsorganisering blant polakkar i Noreg (Guribye, Pustulka, Ślusarczyk og Zyzak, 2018). Etter at Frivilligregisteret vart oppretta i 2009, har det blitt registrert 26 foreiningar som har Polen, polsk kultur eller polakkar som tema og/eller målgruppe. Dei fleste er registrert innanfor kategoriene *Rekreasjon og sosiale foreiningar*, *Kultur og kunst*, og *Mangfold og inkludering*. Desse er spreidd rundt omkring i Noreg, men fleirtalet av foreiningane er registrert i Oslo og på det sentrale Austlandet. Dette har truleg samanheng med at det er flest polakkar i dei største byane i Noreg og i kommunar på Austlandet (SSB, 2019).

Sjølv om arbeidsmarknadsintegreringa er god blant polakkar i Noreg, har ikkje den sosiale og politiske integreringa kome så langt. Det er derfor viktig å utforske kva faktorar som hindrar polakkar i å delta i det norske sivilsamfunnet, og kva som eventuelt kan settast i verk av tiltak for å betre deltakinga. På grunn av metodiske utfordringar med spørjeundersøkingar blant polakkar – at det er få som svarer på undersøkingar, og at det er få som svarer positivt på spørsmål om samfunnsengasjement – må vi ty til andre metodar og data for å utforske barrierar for deltaking blant polakkar.

Barrierar for deltaking

Som vi har diskutert tidlegare i rapporten, er det mange ulike forklaringsfaktorar som ligg bak sivilsamfunnsdeltaking og engasjement, og nokre faktorar gjeld særleg innvandrarar. I det følgjande vil vi diskutere dei mest sentrale barrierane for frivillig engasjement blant polakkar i Noreg som er avdekt i eksisterande litteratur på feltet, og som kom fram i dei to intervjuva vi gjorde med representantar for polske organisasjonar i Noreg.

Som gruppe har polakkar i Noreg vore her i relativt kort tid samanlikna med mange andre innvandrargrupper. Sjølv om polakkar i stor grad er integrert på arbeidsmarknaden, så tar den sosiale integreringa lengre tid. Butid er på denne måten knytt til indikatorar for integrering. Det tar tid å etablere seg i eit nytt land og i eit nytt lokalsamfunn, å skaffe seg eit sosialt nettverk og å lære språk og kultur. Polakkar er for eksempel lite kjent med den norske tradisjonen for frivillig engasjement, nabolagssamarbeid, dugnad og sosial tillit (Guribye, Pustulka, Ślusarczyk og Zyzak, 2018), noko som heng saman med den relativt korte tida dei har vore i Noreg. Som vi såg ovanfor, er det først blant gruppa av innvandrarar som har budd i Noreg i ti år eller meir, at vi ser ein auke når det gjeld tillit. Ei forventning er derfor at jo lenger ein bur i Noreg, desto meir integrert vil ein bli, men dette føreset at polakkar overskrid fleire andre barrierar

for integrering etter kvart som dei buset seg meir permanent i Noreg. Eit eksempel på dette er språkbarrieren, illustrert med eit sitat frå ein av informantane: «Språk er fellesnevneren. Folk [polakker] bor 10–15 år i Norge og de snakker ikke norsk i det hele tatt» (informant 1).

Polsk kultur og tradisjon for frivillig engasjement

Som vi har diskutert, vil politisk og kulturell samfunnskontekst, både i avsenderlandet og i mottakarlandet, påverke integreringspotensialet til innvandrere. Når det gjeld sivilsamfunn, tillit, frivillighet og deltakingskultur, kan Noreg og Polen sjåast på som to rake motsetningar, der Noreg har svært høge nivå av desse faktorane, mens Polen har svært låge nivå. For polakkar vil det derfor vere ei stor omstilling å skulle tilpasse seg og forstå den norske kulturen for samfunnsengasjement og deltaking. Bakgrunnen for det låge nivået av frivillig og politisk engasjement og sivilsamfunnsorganisering blant polakkar kan sporast tilbake til kommunisttida i Polen. Under kommunistregimet var nemleg frivillig, sosialt og politisk engasjement og medlemskap i kommunistpartiet noko som dei offentlege myndighetene tvinga på befolkninga, og frivillige organisasjonar var under sterk offentlig kontroll. For befolkninga i Polen har dette ført til eit negativ syn på kva frivillig engasjement og frivillige organisasjonar er, og det blir gjerne assosiert med den offentlege og påtvinga sfæren. I Polen er derfor organiserte aktivitetar i rommet mellom staten og familien eit relativt nytt og mindre omfangsrikt fenomen.

At dei låge nivåa av samfunnsengasjement blant polakkar i Noreg kan knytast til historia og trekk ved det polske samfunnet, kom også fram i intervjuet vi gjorde. Eit sitat frå ein av informantane illustrerer dette:

«Frivillighet i Polen har dårlig rykte fordi enten foreldrene eller de selv har sett og opplevd frivilligheten forbundet med kommunismen. De ser på frivillighet som noe som ikke er frivillig. Om man for eksempel ikke deltok i frivillig arbeid så ble man straffet på en eller annen måte, man kunne miste jobben. Da får frivillighet et dårlig rykte og det assosieres med kommunisme.» (Informant 1)

Å skulle overskride denne historiske og kulturelle barrieren vil ta tid, og det vil krevje innsats både frå polakkar sjølv og frå myndigheiter og samfunnet meir generelt. Polakkar treng informasjon og kunnskap om kva norsk sivilsamfunn og frivilligliv er, og kva rolle det har i samfunnet. Slik kunnskap vil kunne vere eit steg på vegen mot at polakkar blir sosialt integrert i Noreg.

Arbeidssituasjon og økonomisk situasjon

For å delta aktivt treng ein – i tillegg til kunnskap om norsk samfunn og frivillig arbeid og organisering – gjerne eit visst nivå av sosioøkonomisk status og særleg utdanning. Personar med låg eller inga utdanning deltar i mindre grad

enn dei med høg utdanning (Wolfinger og Rosenstone, 1980; Verba, Schlozman og Brady, 1995; Olsen og Sætren, 1980). Som kjent er det store fleirtalet av polakkane i Noreg faglærte eller ufaglærte arbeidarar innanfor bygg og anlegg eller innanfor reinhald og service-yrke. Dette er yrke som krev mindre utdanning. SSB-undersøkingar har også vist at eit fleirtal av polakkar i Noreg har vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, og sjølv om det manglar opplysningar for mange polske innvandrarakar i Noreg, er det antyda at delen av polakkar med vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå er 66 prosent (Steinkellner, 2015; Vrålstad og Wiggen, 2017). Eit mediumlågt utdanningsnivå blant mange polakkar kan derfor vere ei delforklaring på det låge deltakingsnivået blant polakkar i Noreg.

Sjølv om dei fleste polakkar i Noreg er i jobb og mange tener meir pengar enn dei ville gjort i Polen, er likevel den økonomiske situasjonen til polakkar i Noreg avgrensa. Dei må jobbe hardt og mykje for å oppretthalde eit liv i Noreg. Dette gjer også at mykje tid går med til arbeid, noko som igjen fortrenger tid som kunne blitt brukt til frivillig og politisk engasjement. Den fritida dei eventuelt har til disposisjon, blir som nemnt mykje brukt til å vere saman med familie, heller enn i lag med andre og med nordmenn. Slik sett vil både utdanningsbakgrunnen, arbeidsvilkåra og den økonomiske situasjonen til mange polakkar vere ein barriere for deltaking i norsk organisasjons- og samfunnsliv. Dette er også faktorar som er vanskelegare å endre.

Fysisk, sosial og kulturell nærleik til Polen

I intervjuet med informantane vart den relativt korte avstanden mellom Polen og Noreg trekt fram som ein mogeleg barriere for deltaking og integrering. Dette gjeld både geografisk, sosial og kulturell avstand. Mediekvardagen for polakkar i Noreg kan i stor grad vere polskdominert. Dei kan lese polske nyheiter på nett og sjå polske nyheiter og underhaldning på polske tv-kanalar. Sjølv om dei fysisk sett er i Noreg, er det mogeleg for dei å ha ein fullt ut polskdominert mediekvardag (Guribye, 2018). Som ein informant påpeikte: «Det er ingen som lesar [norske] aviser. Jeg kjenner ingen polakker som gjer det. De sitter med polsk tv og med polske aviser på skjermen» (informant 2). Rimelege flyreiser gjer også at mange polakkar relativt ofte kan reise til Polen for å besøke familie og vedlikehalde dei sosiale nettverka sine der. Mange har også ein bustad i Polen som dei ofte reiser tilbake til (Guribye, 2018). Ein av informantane beskriv situasjonen slik:

«Det er veldig nær Polen. De bare setter seg på et fly og havner i Warszawa. [...] Det er altfor sterke forbindelser til familie og til Polen, de reiser ofte tilbake og identifiserer seg ikke med Norge [...] oppstår det problemer, så bare ringer de hjem eller tar et fly tilbake. Tilgjengeligheten og nærheten til Polen er en del av årsaken.» (Informant 1)

Samanbinding i den katolske kyrkja

Utanom arbeidslivet, familien og tilknytningar til velferdsstaten er også den katolske kyrkja ein viktig del av livet til mange polakkar i Noreg. Her deltar mange, også til ein viss grad som frivillige. Sjølv om den katolske kyrkja i Noreg er mindre retta mot polakkar enn i mange andre land, så spelar ho ei sentral rolle for mange polakkar i Noreg (Guribye, 2018). Gudstenester og konfirmasjonar blir utført på polsk, og polske prestar tilbyr òg råd og rettleiing, for eksempel omkring familiegjenforeining og om balansen mellom arbeidsliv og familieliv i Noreg. Kyrkja er på denne måten med på å forme og bevare den polske identiteten over tid i Noreg, og ho er i så måte spesielt viktig for den identiteten barn har som polske. Medlemskap i dette religiøse fellesskapet har òg ein intern integrerande funksjon blant polakkar ved at det legg til rette for sosiale fellesskap mellom menneske frå same land. Dette gjeld både for barn og for vaksne, ettersom dei kan samlast og vere sosiale før, under og etter gudstenester, og ved ulike religiøse høgtider. «Polakker er jo katolikker, og hvis man samler seg, så er det rundt kirken. Det er et sted hvor man samles og er sammen» (informant 1).

Den katolske kyrkja kan på denne måten ha ein viktig samanbindande (bonding) funksjon for polakkar – altså ved at ho legg til rette for at dei kan bli integrert i eit polsk miljø i Noreg og få støtte og fellesskap. Dette kan tenkast å vere eit viktig steg på vegen mot integrering i majoritetssamfunnet. Men ei utfordring er her om den samanbindande funksjonen i den katolske kyrkja blir for sterk og hindrar brubygging (bridging) til det norske samfunnet. I for sterkt integrerte grupper kan samanbindande tillit og nettverk internt kunne føre til mistillit til menneske som står utanfor. Dette vil igjen kunne hindre kollektiv handling mellom polakkar og nordmenn, og då vere ein barriere for sosial integrering. Dette veit vi likevel mindre om empirisk sett, og vi kan berre antyde ein hypotese her.

Språk

Som Eimhjellen og Arnesen (2018) har vist, er det ein klar generell samanheng mellom organisasjonsengasjement blant innvandrere og kor godt dei meistrar norsk språk. Når vi kontrollerer for fleire andre kjenneteikn, har innvandrere som kan norsk, eit høgare sannsyn for å vere frivillige. Språk ser altså ut til å vere ein nøkkelfaktor for deltaking. Om ein kan det norske språket, vil det vere enklare å kome seg inn i eller bli rekruttert til frivillig arbeid, og det er òg truleg enklare å utføre det frivillige arbeidet om ein kan norsk. Samtidig vil ein gjennom frivillig arbeid også få språktrening og få praktisert og forbetra norskkompetansen sin. Språk er også meir generelt nøkkelen til samfunnsdeltaking og integrering. Dette gjeld for kvardagskommunikasjon med nordmenn generelt og for kommunikasjon med det offentlege.

Det er likevel mindre vanleg at arbeidarar frå Polen kan norsk eller engelsk særleg godt (Guribye, 2018; Friberg, 2013; Vrålstad og Wiggen, 2017), noko

som gjer kommunikasjon med nordmenn vanskeleg. Strukturen på arbeidsmarknaden for polakkane gjer også at dei ofte arbeider saman med andre polakkar eller arbeidsinnvandrarakar frå andre land, og mange har dermed ikkje behov for å snakke norsk i kvardagen i det heile tatt. Manglande norsk språkkompetanse ser altså ut til å vere hovudgrunnen til at polakkar ikkje deltar så mykje i aktivitetar knytt til norsk kultur (Janaczyk, 2014; Guribye, 2018, 2018), og dette kan skape ein «vond sirkel» som gjer integrering vanskeleg.

Som arbeidsinnvandrarakar og EU-borgarakar er polakkar heller ikkje omfatta av integrasjonsprogram i Noreg, og dermed har dei ikkje rett på gratis grunnleggjande språkopplæring. Som følgje av manglande integreringspolitikk for arbeidsinnvandrarakar eksisterer det ingen offentleg strategi for språkopplæring av (polske) arbeidsinnvandrarakar i Noreg. I dag er det arbeidsinnvandrarakar sjølv eller ein arbeidsgivar som eventuelt må betale for norskopplæring. Norskkompetanse blir derfor mindre tilgjengeleg for arbeidsinnvandrarakar. Sjølv om mange av respondentane i LKI-undersøkinga til SSB svarte at dei hadde deltatt i norskundervisning, så var det også denne landgruppa som vurderte norskkunnskapane sine som dårlegast (Vrålstad og Wiggen, 2017). I tillegg gjer arbeidsforhold med mykje og hardt arbeid at mange polakkar har lite tid til og motivasjon for å ta norskkurs. Ein informant skildrar situasjonen på denne måten:

«Først og fremst er det kommunikasjonsproblem. De som kommer som flyktninger, får grunnleggende opplæring i norsk gjennom introduksjonskurs. De snakker norsk og har god kontakt med nordmenn takket være det. Men polakker har ikke samme muligheter, de må betale for norskundervisning, for integrering [...] Alle polakker jobber, og det er slik at arbeidsgiver har ansvar for norskopplæring, men de gir blaffen. Det ligger et ansvar på arbeidsgiversiden for språkopplæring, men de gjør det ikke [...] Her ligger altså problemet. Man kunne gitt polakker A1- og A2-språkopplæring gratis [språknivå] og motivere dem til å gå på kurs [...] Det er mange som vil lære seg norsk. Jeg har annonsert tre gratis norskkurs, og det er folk som vil lære seg norsk. Folk kommer etter jobb til kursene, så det er ikke slik at de ikke vil, men de vil ikke betale. Så lenge det er gratis, kommer de [...] Tenk deg en familie der mannen jobber og konen sitter hjemme med to barn. Man tjener ikke så mye siden polakker jobber på minstelønn vanligvis. De har ikke penger til å betale 3000 kroner for et norskkurs. De foretrekker å gå i butikken og kjøpe mat for pengene. Så det største hinderet er mangel på norskundervisning og norskkurs. Man kan ikke betale for integrering. Det er et enkelt økonomisk spørsmål.» (Informant 1)

Det er òg få eller ingen tiltak for språkopplæring retta spesifikt mot polske frivillige organisasjonar i Noreg, sjølv om det finst fleire støtteordningar som det er mogeleg å søke på. Likevel har fleire lokale myndigheiter og kommunar i Noreg sett i verk integreringstiltak for arbeidsinnvandrere. Det finst òg fleire frivillige organisasjonar som driv språkopplæring lokalt gjennom språkkafeer og liknande:

«Jeg har god erfaring med Røde Kors i [navn på by]. De hadde to tiltak. Det første var en strikkeklubb, der eldre damer inviterte polske kvinner til strikkekveld. Der prøvde de å snakke rolig for å konversere, og de polske kvinnene snakket litt norsk. Pensjonister har jo bedre tid og kan være tålmodige og åpne, og det hjalp. Og det var gratis.» (Informant 1)

Manglande språkmeistring er dermed ei sentral hindring for at polakkar skal bli integrert og utvikle sosiale relasjonar og nettverk med nordmenn, samtidig som det òg er med på å forsterke relasjonane internt blant dei polske innvandrane. Mange polakkar sosialiserer derfor utelukkande med andre polakkar med same bakgrunn. Ei undersøking har her vist at berre 4 prosent av polakkar sosialiserer mest med nordmenn, og at berre éin av fem sosialiserer like mykje med nordmenn og polakkar (Huang, Kochowicz, Krzaklewska og Pustulka, 2015).

På grunn av språkbarrieren held polakkar gjerne litt avstand til nordmenn òg sosialt, fordi dei opplever at nordmenn er mindre villige til å inngå i nye relasjonar:

«Først og fremst må man bryte barrieren til nordmenn. Nordmenn er for sjenert til å invitere, og polakker tenker kanskje at nordmenn ikke vil snakke med dem. Det må komme initiativ fra nordmenn direkte. Jeg opplevde at en gang noen som ville lage en fest, en avslutningsfest på jobben. Da begynte de med slike norske spill og gjetteleker, men polakkene kunne ikke språket. Det må heller være noen fysiske aktiviteter, i for eksempel idrettslag. Da kan man delta uten å kunne språk, og man kan lære språk ved å delta, begge deler samtidig.» (Informant 1)

Språkproblem er òg ei utfordring for polakkar i relasjonen til det offentlege, for eksempel i samband med velferdsordningar (Friberg, Elgvin og Djuve, 2013). Éin informant skildra mellom anna korleis polakkar har opplevd møte med NAV.

«Polakker har for eksempel problemer med mange [offentlege] kontor på grunn av språk. Jeg ser for eksempel polakker som kommer til NAV-kontoret, der den ansatte snakker til han og han

sier ja eller nei, og etterpå er alle fornøyd, de sier takk og ha det bra. Etter tre uker hadde det ikke skjedd noen ting fordi den NAV-ansatte trodde han forstod alt, og han trodde han hadde gjort seg forstått. De [offentlige] kontorene har problemer med tolk, og de har plikt til å involvere tolk, men de gjør det ikke.» (Informant 1)

Møta mellom polakkar og offentlege etatar i Noreg er også prega av ein skepsis blant mange polakkar. Her har det utvikla seg ein mistillitskultur blant mange polakkar, for eksempel knytt til barnevernet i Noreg, som til dels har bakgrunn i mytar som har oppstått, men òg til dels i feil som er gjort av barnevernet i Noreg (Czarnecki, 2018). Mytar, mistillit og frykt blir også spreidd i polske nettforum og i sosiale medium, gjerne uimotsagt frå nordmenn og offentlege myndigheiter. «Det finnes flere polske nettsider, aviser og facebookgrupper som er negativt innstilt til nordmenn. Folk kritiserer, men det er ofte basert på misforståelse» (informant 1). Igjen kan dette knytast til at polakkar lever i ein mediekvardag som på grunn av kommunikasjonsteknologi og tilknytning til Polen i liten grad er prega av norsk språk, norsk informasjon og norske nyheiter.

For å overvinne desse utfordringane må vi forbetre språkkompetansen, kulturforståinga og tilliten mellom polakkar, nordmenn og det norske samfunnet.

Oppsummering og diskusjon

Basert på ein gjennomgang av utvald litteratur om situasjonen til polakkar i Noreg og med støtte frå intervju med to representantar for polske frivillige organisasjonar i Noreg har vi i dette kapittelet diskutert kva barrierar som ligg bak den særdeles låge sivilsamfunnsdeltakinga til polakkar i Noreg. Barrierane for deltaking og integrering blant polakkar i Noreg finn vi på ulike nivå og i ulike former. Nokre handlar om kulturforskjellar, andre handlar om økonomi og arbeidssituasjon. Nokre er strukturelle, og andre er individuelle.

I dette kapittelet har vi trekt fram seks barrierar som ser ut til å hindre polakkar i Noreg i å delta i frivillige organisasjonar og å bli generelt sosialt integrert. For det første tar integrering tid, og polakkar har som gruppe vore i Noreg i relativt kort tid. For det andre er den polske kulturen og tradisjonen for frivillig engasjement av heilt motsett karakter av den vi har i Noreg. Manglande kunnskap om og skepsis mot norsk frivilligheit er derfor ein viktig barriere for deltaking blant polakkar. For det tredje avgrensar arbeids- og økonomisituasjonen til polakkar i Noreg kor mykje tid og ressursar dei faktisk har til å engasjere seg utanom arbeid og familieliv. Ein fjerde barriere som informantane våre peikte på, var den fysiske, sosiale og kulturelle nærleiken til Polen. Det er relativt billig og raskt å reise mellom Noreg og Polen, og mange pleier kontakten med venner og familie i Polen gjennom besøk og gjennom kommunikasjonsteknologi. Mediekvardagen til polakkar i Noreg er også i stor grad polsk. Dette gjer at dei kan leve eit tilnærma polsk liv i Noreg, utan å knyte

seg til nordmenn og norsk kultur og samfunnsliv. I denne sammenhengen fungerer òg den katolske kyrkja i Noreg som eit ledd som bind polakkar i Noreg saman, og som er med på å vedlikehalde polsk kultur og styrke fellesskapet mellom polakkar i Noreg.

Til sist har vi òg diskutert den kanskje viktigaste barrieren for å engasjere seg i frivillig arbeid, organisasjonsliv og samfunnet meir generelt i Noreg, nemleg språket. Kompetanse i norsk språk er ein nøkkelfaktor for å kunne kommunisere og sosialisere med nordmenn, men det er ein kompetanse som få polakkar har. Utan språk er det vanskeleg å sjølv ta kontakt med eller å bli kontakta av og kommunisere med nordmenn, frivillige organisasjonar og offentlege myndigheiter. Det manglar òg vesentlege tiltak for å auke språkkompetansen til polakkar og arbeidsinnvandrere generelt i Noreg. Dei må sjølv betale for eller finne fram til gratis språkkurs for å lære seg norsk, noko som er vanskeleg for mange på grunn av pressa arbeidssituasjon og økonomi.

Kva kan så gjerast for å forbetre den sosiale integreringa av polakkar i Noreg? Nokre faktorar er vanskelege å gjere så mykje med, sjølv om dei kan ha ein negativ innverknad på samfunnsengasjement og integrering, som for eksempel lågt utdanningsnivå og (arbeider)klassebakgrunn. Nokre barrierar vil krevje ein innsats frå nordmenn generelt, i den forstand at dei må vere opne og invitere til å inngå i sosiale relasjonar med polakkar. Her kan likevel norske frivillige organisasjonar i lokalsamfunn kome enda meir på banen, sjølv om vi veit at det gjerne ikkje manglar på forsøk. Ved å bygge generell kompetanse og dele kunnskap om dette kan det norske organisasjonslivet hjelpe dei lokale foreiningane og frivillige med å nå ut til polakkar for å invitere dei inn.

Ein hovudbarriere er likevel språk, og ved å gjere språkopplæring meir tilgjengeleg for polakkar aukar vi sjansen for at dei blir sosialt integrert. Det å kunne norsk vil gje polakkar moglegheit til å kommunisere meir med nordmenn i det daglege, til å engasjere seg meir i skule- og fritidsaktivitetane til barna, til å kommunisere betre med det offentlege og til å delta i frivillige organisasjonar. Her kan myndigheitene forbetre eksisterande eller utvikle nye ordningar for støtte til språkopplæring både i regi av frivillige organisasjonar og i regi av arbeidsgivarar i Noreg. I samband med språkopplæring vil det også kunne bli formidla meir informasjon om det norske samfunnet og om kultur for samfunnsdeltaking og frivillig arbeid.

For mange polakkar vil det å få barn i Noreg, og særleg når barn begynner på skulen, vere ein sentral pådrivar for integrering i lokalsamfunnet, sidan det er ei tett kopling mellom skule og foreldre i Noreg. Som foreldre vil polakkane oppleve krav til å følgje opp barna ikkje berre på skulen, men òg i fritidsaktivitetar, som igjen ofte er knytt til både skule og frivillige organisasjonar. Dette kan vere med på å knyte polakkar tettare til det norske samfunnet.

Med tanke på at det er svært mange polakkar i Noreg, og at det tilsynelatande manglar ein integreringspolitikk retta mot denne typen arbeidsinnvandrere,

kan det vere lurt å sette i verk tiltak for sosial integrering som kan motverke sosial ulikskap og parallellsamfunn i Noreg. Sosial integrering tar tid, men med eit språkleg fundament for sosialisering, kommunikasjon og tillit vil vi kunne redusere denne tida. Språket vil kunne gjere det lettare å delta som frivillig i organisasjonar og i andre engasjementsformer, og det kan igjen ha positive effektar på utvikling av tillit til andre og generell sosial integrering i Noreg.

Oppsummering og avslutning

I denne rapporten har vi følgt opp rapporten *Organisasjonsengasjement blant innvandrere* frå 2018 (Eimhjellen og Arnesen, 2018) gjennom å bruke levekårsdata om innvandrere frå SSB til å undersøke samanhengar mellom frivillig arbeid og tillit, mellom frivillig arbeid og politisk deltaking og mellom frivillig arbeid og uformelt omsorgsarbeid blant innvandrere. I tillegg har vi utforska årsakene til og bakgrunnen for den særdeles låge deltakinga i frivillig arbeid blant polakkar som vart avdekt i 2018-rapporten.

Eit viktig perspektiv i rapporten har vore at sivilsamfunnsdeltaking og sosial tillit er sentrale mål på sosial integrasjon, men at ulike innvandrergrupper vil ha ulike føresetnader for å engasjere seg, bygge tillit og bli integrert i eit samfunn. Integreringspotensialet vil vere avhengig av kjenneteikn ved både grupper og individ og av kontekstuelle kjenneteikn ved både samfunna dei kjem frå, og samfunna dei skal integrerast i.

Analysane av SSB-data har synt at det er ein samheng mellom frivillig arbeid og tillit blant innvandrere, og at deltaking i såkalla overskridande organisasjonar, det vil seie organisasjonar som samlar personar på tvers av ulike kjenneteikn, har ein positiv samheng med tillit. Frivillig arbeid er likevel ikkje den viktigaste eller einaste faktoren som verkar inn på tillitsnivået. Her er landbakgrunn, språkkunnskap, årsak til innvandring, opplevd diskriminering, alder og status viktigare som forklaringar på tillitsnivå. På grunn av eit avgrensa mål på tillit i spørjeundersøkinga og fordi vi berre har brukt eitt datapunkt heller enn paneldata over tid, kan vi ikkje trekke konklusjonar når det gjeld om det er det frivillige arbeidet som fører til høgare tillit, eller om det er tillitsfulle personar som engasjerer seg i frivillig arbeid.

Vidare har vi funne ein samheng mellom frivillig arbeid og politisk deltaking (i form av stemmegiving ved lokalval) blant innvandrere i Noreg. Dette støttar opp under ein idé om at aktiv deltaking i sivilsamfunnet er ein føresetnad for politisk deltaking. Etersom denne analysen er avgrensa til berre dei innvandrarene som har norsk statsborgarskap, er talet på einingar noko lågare, og vi må derfor vere forsiktige med å generalisere resultatane til heile innvandrarbefolkninga.

Til slutt i analysane av SSB-data finn vi også ein samanheng mellom frivillig arbeid og ulønt omsorgsarbeid. Dei som er frivillige blant innvandrere, er òg meir tilbøyelege til å drive med ulønt omsorgsarbeid. Dei to formene for frivillig engasjement ser ikkje ut til å konkurrere med kvarandre, men ser heller ut til å vere komplementære. Likevel: Når vi samanliknar med befolkninga generelt, indikerer SSB-dataa òg, på same vis som for frivillig arbeid, at ulønt omsorgsarbeid er mindre utbreidd blant innvandrere enn i majoritetsbefolkninga.

I den siste delen av denne rapporten har vi diskutert nærare kva barrierar som ligg bak den særdeles låge sivilsamfunnsdeltakinga til polakkar i Noreg, som har blitt avdekt både i denne og i ein tidlegare rapport (Eimhjellen og Arnesen, 2018). Med utgangspunkt i eksisterande litteratur, men òg på grunnlag av bekreftingar og nyanseringar i intervju med representantar for polske organisasjonar i Noreg, har vi trekt fram og diskutert seks slike barrierar. Desse handlar for det første om at integrering tar tid, og at polakkar er ei relativt ny innvandrargruppe i Noreg. Samtidig er spesielt den polske kulturen og tradisjonen for frivillig engasjement av heilt motsett karakter av den vi har i Noreg, noko som mellom anna inneber at polakkar har manglande kunnskap om og ein skepsis mot frivillig arbeid. Ein tredje barriere handlar om at polakkar i Noreg har ein arbeidssituasjon og ein økonomisk situasjon som set grenser for kor mykje tid og ressursar dei faktisk har til å engasjere seg. Polakkar i Noreg har òg ein fysisk, sosial og kulturell nærleik til Polen som gjer at dei kan leve eit tilnærma polsk liv i Noreg, utan å knyte seg til nordmenn og norsk kultur og samfunnsliv. Den katolske kyrkja i Noreg støttar også opp om dette ved å vere eit ledd som bind polakkar i Noreg saman. Kyrkja bidrar altså til å vedlikehalde polsk kultur og fellesskap i Noreg, men på ein måte som kan kome til å hindre den overskridande sosiale integreringa. Den viktigaste barrieren ser likevel ut til å vere det norske språket, noko som få polakkar meistrar godt. Å kunne norsk er ein nøkkelfaktor for å kunne kommunisere og sosialisere med nordmenn og for å kunne delta i norsk samfunnsliv og i frivillige organisasjonar.

Appendiks

Appendiks tabell 1: Multipl logistisk regresjon av tillit blant innvandrarak. Ustandardiserte koeffisientar.

| Variablar | Koeffisientar | Koeffisientar | Koeffisientar |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Kjonn (mann = 1) | ,17 | ,16 | ,16 |
| Alder | ,24** | ,24** | ,23** |
| Utdanning | ,28*** | ,29*** | ,29*** |
| Nettoinntekt | ,23** | ,24** | ,24** |
| Talet p  barn | ,08 | ,08 | ,07 |
| Vurdering eiga helse | -,27*** | -,29*** | -,27*** |
| Butid | -,05 | -,04 | -,05 |
| Innvandrings rsak | ,20** | ,20** | ,20** |
| Norskkunnskapar | ,38*** | ,39*** | ,39*** |
| <i>Landbakgrunn (Polen er referanse)</i> | | | |
| Tyrkia | ,53** | ,54** | ,56** |
| Bosnia-Hercegovina | ,77** | ,77** | ,75** |
| Kosovo | ,84*** | ,83** | ,82*** |
| Eritrea | ,80*** | ,79** | ,80*** |
| Somalia | 1,09*** | 1,10*** | 1,13*** |
| Afghanistan | ,79** | ,80** | ,81** |
| Sri Lanka | 1,93*** | 1,92*** | 1,93*** |
| Irak | ,88*** | ,87*** | ,88*** |
| Iran | ,74** | ,74** | ,76** |
| Pakistan | 1,17*** | 1,17*** | 1,19*** |
| Vietnam | ,61** | ,60** | ,61** |
| <i>Frivillig arbeid</i> | | | |
| Talet p  organisasjonstypar | ,38*** | | |
| Timar frivillig arbeid | | ,09*** | |
| Politisk parti/ungdomsorg. | | | ,57* |
| Idrettslag | | | ,52** |
| Friluftorganisasjonar | | | ,12 |
| Kulturaktivitetar | | | ,56 |
| Pasientorganisasjonar | | | ,96 |
| Milj /menneskerettar/humanit ert | | | -,04 |
| Religi s foreining | | | ,27 |
| Ikkje-religi st livssyn | | | ,18 |
| Innvandrarorganisasjonar | | | ,25 |
| Andre organisasjonar | | | ,53 |
| Konstant | 2,42*** | 2,41*** | 2,41*** |
| N | 3512 | 3512 | 3512 |

*** p < 0,01. ** p < 0,05. *p < 0,1. Notat: Variablane for deltaking i frivillig arbeid (talet p  organisasjonar, timar frivillig arbeid og type organisasjon) korrelerer relativt h gt og er derfor testa i separate regresjonsanalyser.

Appendiks tabell 2: Multipl logistisk regresjon av politisk deltaking blant innvandrere. Ustandardiserte koeffisientar.

| Variablar | Koeffisientar | Koeffisientar | Koeffisientar |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Kjønn (mann = 1) | ,03 | ,03 | ,03 |
| Alder | ,60 | ,60 | ,60 |
| Utdanning | ,19*** | ,19*** | ,19*** |
| Nettoinntekt | ,07*** | ,07*** | ,07*** |
| Omsorg familie | -,19 | -,19 | -,19 |
| Talet på barn | ,40*** | ,40*** | ,40*** |
| Sysselsett | -,01 | -,01 | -,01 |
| Vurdering eiga helse | ,10 | ,10 | ,10 |
| Butid | -,01 | -,01 | -,01 |
| Innvandringsårsak | ,05 | ,05 | ,05 |
| Norskkunnskapar | ,09 | ,09 | ,09 |
| Tillit | ,07** | ,07** | ,07** |
| <i>Landbakgrunn (Polen er referanse)</i> | | | |
| Tyrkia | ,79 | ,77 | ,83* |
| Bosnia-Hercegovina | ,35 | ,35 | ,38 |
| Kosovo | -,17 | -,20 | -,17 |
| Eritrea | ,37 | ,32 | ,35 |
| Somalia | 1,04** | 1,02** | 1,08** |
| Afghanistan | ,98* | ,97* | ,1,02* |
| Sri Lanka | 1,47** | 1,43** | 1,52** |
| Irak | ,76 | ,73 | ,79 |
| Iran | ,39 | ,38 | ,43 |
| Pakistan | 1,62*** | 1,60*** | 1,62*** |
| Vietnam | ,51 | ,48 | ,53 |
| <i>Frivilligheit</i> | | | |
| Talet på organisasjonstypar | ,46*** | | |
| Timar frivillig arbeid | | ,13*** | |
| Politisk parti/ungdomsorg. | | | 2,12** |
| Idrettslag | | | ,59** |
| Friluftorganisasjonar | | | ,75 |
| Kulturaktivitetar | | | ,11 |
| Pasientorganisasjonar | | | 1,28 |
| Miljø/menneskerettar/humanitært | | | ,46 |
| Religiøs foreining | | | ,44 |
| Ikkje-religiøst livssyn | | | - |
| Innvandrarorganisasjonar | | | -,81 |
| Andre organisasjonar | | | ,55 |
| Konstant | -3,07*** | | -2,95*** |
| N | 2417 | | 2409 |

*** p < 0,01. ** p < 0,05. *p < 0,1. Notat: Variablane for deltaking i frivillig arbeid (talet på organisasjonstypar, timar frivillig arbeid og type organisasjon) korrelerer høgt og er derfor testa i separate regresjonsanalyser.

*Appendiks tabell 3: Multippel logistisk regresjon av ulønt omsorgshjelp.
Ustandardiserte koeffisientar.*

| Variablar | Koeffisientar | Koeffisientar | Koeffisientar |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Kjønn (mann = 1) | ,05 | ,02 | ,02 |
| Alder | -,03 | -,04 | -,01 |
| Utdanning | -,12 | -,10 | -,07 |
| Nettoinntekt | -,03 | -,03 | -,03 |
| Omsorg familie | 1,11*** | 1,14*** | 1,24*** |
| Talet på barn | -,11 | -,10 | -,11 |
| Syssetsett | -,09 | -,11 | -,13 |
| Vurdering eiga helse | ,36*** | ,36*** | ,38*** |
| Butid | ,01 | ,01 | ,00 |
| Innvandringsårsak | ,11 | ,11 | ,09 |
| Norskknuskarar | ,19 | ,21 | ,21 |
| Tillit | ,06 | ,07* | ,07* |
| <i>Landbakgrunn (Polen er referanse)</i> | | | |
| Tyrkia | ,64 | ,63 | ,63 |
| Bosnia-Hercegovina | ,36 | ,37 | ,37 |
| Kosovo | -,29 | -,34 | -,34 |
| Eritrea | ,72 | ,68 | ,68 |
| Somalia | ,29 | ,30 | ,30 |
| Afghanistan | ,02 | ,05 | ,05 |
| Sri Lanka | ,19 | -,27 | -,27 |
| Irak | ,59 | ,54 | ,54 |
| Iran | ,16 | ,16 | ,16 |
| Pakistan | ,19 | ,14 | ,14 |
| Vietnam | ,22 | ,16 | ,16 |
| <i>Frivillig arbeid</i> | | | |
| Talet på organisasjonar | ,87*** | | |
| Timar frivillig arbeid | | ,23*** | |
| Politisk parti/ungdomsorg. | | | -,62 |
| Idrettslag | | | ,77** |
| Friluftorganisasjonar | | | ,88 |
| Kulturaktivitetar | | | 1,23*** |
| Pasientorganisasjonar | | | 2,56*** |
| Miljø/menneskerettar/humanitært | | | 1,70*** |
| Religiøs foreining | | | ,98** |
| Ikkje-religiøst livssyn | | | ,47 |
| Innvandrarorganisasjonar | | | ,91 |
| Andre organisasjonar | | | 1,39** |
| Konstant | -4,28*** | 4,27*** | -4,31*** |
| N | 3512 | 3512 | 3512 |

*** p < 0,01. ** p < 0,05. *p < 0,1.

Litteratur

- Alexander, Jeffrey C. (2008): *The Civil Sphere*. Oxford University Press.
- Allport, Gordon (1958): *The nature of prejudice*. Garden City NY: Double Day Ancor Books.
- Almond, Gabriel og Sidney Verba (1963): *The Civic Culture*. Boston: Little, Brown and Company.
- Brady, D., S. Verba og K.L. Schlozman (1995): «Beyond SES: a resource model of political participation». *American Political Science Review*, 89: 271–294.
- Brochmann, Grete (2010): Innvandring og det flerkulturelle Norge. I Frønes, Ivar og Lise Kjølørød (red.), *Det norske samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bynner, J., D. Romney og N. Emler (2003): «Political and related facets of identity in late adolescence». *Journal of Youth Studies*, 6: 319–335.
- Czarnecki, Maciej (2018): *Norsk barnevern sett utenfra. Stiller det urimelige krav?* Fagbokforlaget.
- Dekker, Paul og A. van den Broek (1998): «Civil society in comparative perspective: Involvement in voluntary associations in North America and Western Europe». *Voluntas*, 9 (1): 11–38.
- Delhey, Jan og Kenneth Newton (2005): «Predicting Cross-National Levels of Social Trust: Global Pattern or Nordic Exceptionalism?». *European Sociological Review*, 21 (4): 311–327.
- Delli Carpini, M. og S. Keeter (1996): *What Americans Know about Politics and Why it Matters*. New Haven, CT: Yale University Press.
- Dinesen, Peter Thisted (2012): «Does generalized (dis)trust travel? Examining the impact of cultural heritage and destination-country environment on trust of immigrants». *Political Psychology*, 33: 495–511.
- Dinesen, Peter Thisted og M. Hooghe (2010): «When in Rome, do as the Romans do: The acculturation of generalized trust among immigrants in Western Europe». *International Migration Review*, 44.
- Driver, S. og M. Garapich (2012): «‘Everyone for themselves’: Non-national EU citizens from Eastern and Central Europe and the 2012 London elections». Paper

- presented at Elections, Public Opinion and Parties conference, University of Oxford.
- Eimhjellen, Ivar og Sveinung Arnesen (2018): *Organisasjonsengasjement blant innvandrere*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Enjolras, Bernard og Dag Wollebæk (2010): *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- EU (2010): *National Report – Poland*. Study on volunteering in the European Union. Country Report Poland. GHK. (EAC-EA/DG EAC).
https://ec.europa.eu/citizenship/pdf/national_report_pl_en.pdf.
- Fin, A. et al. (2013): *Polityka polonijnaw ocenie jej wykonawcow i adresatow*. Poznan: Instytut Zachodni.
- Foster-Bey, J. (2008): «Do Race, Ethnicity, Citizenship and Socio-economis Status Determine Civic Engagement?». CIRCLE Working paper. Medford, Massachusetts: Tufts University.
- Freitag, M. (2003): «Social capital in (dis)similar societies. The development of generalised trust in Japan and Switzerland». *Comparative political studies*, 36 (8): 936–966.
- Friberg, Jon Horgen, Olav Elgvin og Anne Britt Djuve (2013): *Innvandrerne som skulle klare seg selv. Når EØS avtalens frie flyt av arbeidskraft møter velferdsstatens bakkebyråkrati*. Fafo-rapport 2013:31.
- Friberg, Jon Horgen (2013): *The Polish worker in Norway. Emerging patterns of migration, employment and incorporation after EU's eastern enlargement*. Fafo-rapport 2013:06.
- Garapich, Michal (2013): «Między apatią a aktywnością. Partycypacja polityczna Polaków w Wielkiej Brytanii». I Kucharczyk, J. (red.), *Nic o nas bez nas. Partycypacja obywatelska Polaków w Wielkiej Brytanii*. Warszawa: Instytut Spraw Publicznych.
- Gesthuizen, Maurice og Peer Scheepers (2012): «Educational Differences in Volunteering in Cross-National Perspective: Individual and Contextual Explanations». *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 41 (1): 58–81.
- Glanville, J.L. og P. Paxton (2007): «How do we learn to trust? A confirmatory tetrad analysis of the sources of generalized trust». *Social Psychology Quarterly*, 70: 230–242.
- Godzimirski, J. (2011): «Polsk diaspora og norsk utenrikspolitikk». *Internasjonal politikk*, 69 (4): 617–643.
- Guribye, Eugene (2018): «Two waves, two contexts. On the changing conditions for social networking among Polish migrants in Norway». I Slany, Krystyna et al. (red.), *Transnational Polish Families in Norway. Social Capital, Integration and Care*. Peter Lang.

- Guribye, Eugene, Paula Pustulka, Magdalena Ślusarczyk og Barbara Zyzak (2018): «Left to their own devices? On the role of Polish migrant organizations in Norway». I Slany, Krystyna et al. (red.), *Transnational Polish Families in Norway. Social Capital, Integration, Institutions and Care*. Peter Lang.
- Henriksen, Lars Skov, Inger Koch-Nielsen og David Rosdahl (2008): «Formal and Informal Volunteering in a Nordic Context: The Case of Denmark». *Journal of Civil Society*, 4 (3): 193–209.
- Herd, Pamela og Madonna Harrington Meyer (2002): «Care Work: Invisible Civic Engagement». *Gender and Society*, 16 (5): 665–688.
- Huang, L., M. Kochowicz, E. Krzaklewska og P. Pustulka (2015): *Transfam Web-survey on Polish families living in Polish-Norwegian transnationality. Documentation of design, variables and measures*. Oslo: NOVA-HIOA og Jagiellonian University.
- Iglicka, Krystyna, Katarzyna Gmaj og Antoni Wierzejski (2018): «Contextualizing Polish Migration to Norway in the light of theory and statistical data». I Slany, Krystyna, Magdalena Ślusarczyk og Paula Pustulka (red.), *Transnational Polish Families in Norway. Social Capital, Integration, Institutions and Care*. Peter Lang.
- Janaczyk, Aleksandra (2014) «The presence of Poles in the Norwegian culture». I Mrozińska-Kruk, Małgorzata (red.), *Polish community in Norway. Opportunities and challenges*. Conference materials: Ministry of Foreign Affairs of the Republic of Poland European Policy Department.
- Jegermalm, M. J. Hermansen og A. Fladmoe (2019): «Beyond Voluntary Organizations and the Welfare State: Patterns of Informal Helping in the Scandinavian countries». I. Skov Henriksen, L. K. Strømsnes og L. Svedberg (red.), *Civic Engagement in Scandinavia. Volunteering, Informal Help and Giving in Denmark, Norway and Sweden*. Springer.
- Kleven, Øyvind (2017): *Innvandrere og kommunestyrevalget 2015. Valgdferd og representasjon blant innvandrere, norskfødte med innvandrereforeldre og utenlandske statsborgere*. SSB-rapport. 2017/10.
- Lacroix, T. (2012): «Indian and Polish Migrant organizations in the UK». I Pries, L. og Z. Sezgin (red.), *Cross Border Migrant Organizations in Comparative perspective*. London: Palgrave Macmillian.
- Lorentzen, Håkon (2004): *Fellesskapets fundament: sivilsamfunnet og individualismen*. Oslo: Pax.
- Martinez, Iveris L., Donnet Crooks, Kristen S. Kim og Elizabeth K. Tanner (2011): «Invisible Civic Engagement among Older Adults: Valuing the Contributions of Informal Volunteering». *Journal of Cross-Cultural Gerontology*, 26: 23–37.
- Martinson, Marty og Meredith Minkler (2006): «Civic Engagement and Older Adults: A Critical Perspective». *The Gerontologist*, 46 (3): 318–324.
- Meer, Tom van der og Jochem Tolsma (2014): «Ethnic Diversity and Its Effects on Social Cohesion». *Annual Review of Sociology*, 40 (1): 459–478.

- Nie, N.H., J. Junn og K. Stehlik-Barry (1996): *Education and Democratic Citizenship in America*. Chicago: University of Chicago Press.
- Olsen, J.P. og H. Sætren (1980): *Aksjoner og demokrati*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Pateman, Carole (1970): *Participation and Democratic Theory*. New York: Cambridge University Press.
- Pettigrew, Thomas F., Linda R. Tropp, Ulrich Wagner og Oliver Christ (2011): «Recent advances in intergroup contact theory». *International Journal of Intercultural Relations*, 35 (3): 271–280.
- Pustulka, Paula (2016): «Ethnic, gender and class identities of polish migrant mothers: intersecting maternal narratives with transnationalism and integration». *Social Identities*, 22 (1): 22–61.
- Putnam, Robert D. (2000): *Bowling Alone. The collapse and revival of American community*. New York: Simon & Schuster Paperbacks.
- Putnam, Robert D. (2007): «*E Pluribus Unum: Diversity and Community in the Twenty-first Century – The 2006 Johan Skytte Prize Lecture*». *Scandinavian Political Studies*, 30: 137–174.
- Ryan, Louise, Rosemary Sales, Mary Tilki og Bernadetta Siara (2008): «Social Networks, Social Support and Social Capital: The Experiences of Recent Polish Migrants in London». *Sociology*, 42 (4): 672–690.
- Salamon, Lester M. og Wojciech Sokolowski (2018): «The size and composition of the European third sector». I Enjolras, Bernard et al. (red.), *The Third Sector as a Renewable Resource for Europe: Concepts, Impacts, Challenges and Opportunities*. Springer International Publishing.
- Segaard, Signe (2011): «Sosial kapital og organisasjonstilknytning blant etniske minoriteter». I Wollebæk, Dag og Signe Segaard (red.), *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm.
- Selle, Per og Dag Wollebæk (2012): «Sivilsamfunn og tillit». I Skirbekk, Helge og Harald Grimen (red.), *Tillit i Norge*. Res Publica.
- Slany, Krystyna, Magdalena Slusarczyk, Paula Pustulka og Eugene Guribye (2016): *Doing Family in a Transnational Context. Demographic Choices, Welfare Adaptations, School Integration and Every-day life of polish Families Living in Polish-Norwegian Transnationality*. Krakow: Zaklad Badan Problemow Ludnoscowych Instytut Socjologii UJ.
- SSB (2017): «Lavere deltakelse blant innvandrerne». <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/lavere-deltakelse-blant-innvandrerne>.
- SSB (2019): «Fakta om innvandring». <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/faktaside/innvandring>.

- Steinkellner, A. (2015): *Befolkningens utdanningsnivå og arbeidsmarkedsstatus*. Rapport 2015/11. Hentet fra http://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/221318?_ts=14c123524d8.
- Svedberg, Lars, Magnus Jegermalm og Johan von Essen (2010): *Svenskarnas engagemang større än någonsin*. Stockholm: Ersta Sköndal Högskola.
- Tronstad, Kristian Rose og Jon Rogstad (2012): *Stemmer de ikke? Politisk deltakelse blant innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre*. Fafo.
- Uslaner, Eric (2008): «Where you stand depends upon where your grandparents sat». *Public Opinion Quarterly*, 72: 725–740.
- Uslaner, Eric (2012): *Segregation and mistrust*. Cambridge University Press.
- Verba, S., K.L. Scholzman og H.E. Brady (1995): *Voice and equality: Civic voluntarism in American politics*. Cambridge: Harvard University Press.
- Vrålstad, S. og Wiggen, K.S. (red.) (2017): *Levekår blant innvandrere i Norge 2016*. Rapport 2017/13. Hentet fra <http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/levekår-blandt-innvandrere-i-norge-2016>.
- Wallman Lundåsen, Susanne og Dag Wollebæk (2013): «Diversity and Community Trust in Swedish Local Communities». *Journal of Elections, Public Opinion and Parties*, 23 (3): 299–321.
- Wolfinger, R.E. og S.J. Rosenstone (1980): *Who Votes?* New Haven, CT: Yale University Press.
- Wollebæk, Dag, Synne Sætrang og Audun Fladmoe (2015): *Betingelser for frivillig innsats. Motivasjon og kontekst*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, Dag og Per Selle (2002): *Det nye organisasjonssamfunnet. Demokrati i omforming*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wollebæk, Dag og Per Selle (2007): «The origins of social capital. Socialisation and institutionalisation approaches compared». *Journal of Civil Society*, 3 (1): 1–14.
- Wollebæk, Dag og Signe Seggaard (2011): *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Zukin, C. et al. (2006): *A New Engagement? Political Participation, Civic Life, and the Changing American Citizen*. New York: Oxford University Press.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Rapport 2020:2

| |
|--|
| <i>Forfatter/Author</i> Forfatter |
| <i>Tittel/Title</i> Sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrere i Noreg |
| <i>Samandrag</i> <p>I denne rapporten følger vi opp rapporten <i>Organisasjonsengasjement blant innvandrere</i> (Eimhjellen og Arnesen, 2018) gjennom å analysere det same datagrunnlaget frå SSB vidare. Vi undersøker her samanhengar mellom frivillig arbeid og tillit, mellom frivillig arbeid og politisk deltaking og mellom frivillig arbeid og uformelt omsorgsarbeid blant innvandrere i Noreg. For å følgje opp funn frå 2018-rapporten om eit særdeles lågt engasjementsnivå blant polakkar diskuterer vi òg årsakene til og bakgrunnen for dette basert på eksisterande litteratur og intervju med representantar for polske frivillige organisasjonar i Noreg.</p> <p>Analysane av SSB-data viser at det er ein samanheng mellom frivillig arbeid og tillit blant innvandrere, og at særleg deltaking i såkalla overskridande organisasjonar, det vil seie organisasjonar som samlar personar på tvers av ulike kjenneteikn, har ein positiv samanheng med tillit. Frivillig arbeid er likevel ikkje den viktigaste eller einaste faktoren som verkar inn på tillitsnivået. Her er landbakgrunn, språkkunnskap, årsak til innvandring, opplevd diskriminering, alder og status viktigare som forklaringar på tillitsnivå.</p> <p>Vidare finn vi ein samanheng mellom frivillig arbeid og politisk deltaking (i form av stemmegiving ved lokalval) blant innvandrere med norsk statsborgarskap, noko som støttar opp under ein idé om at aktiv deltaking i sivilsamfunnet er ein føresetnad for politisk deltaking.</p> <p>Til slutt i analysane av SSB-data finn vi òg ein samanheng mellom frivillig arbeid og ulønt omsorgsarbeid. Dei som er frivillige blant innvandrere, er òg meir tilbøyelege til å drive med ulønt omsorgsarbeid. Når vi samanliknar med befolkninga generelt, er likevel ulønt omsorgsarbeid, på same vis som frivillig arbeid, mindre utbreidd blant innvandrere enn i majoritetsbefolkninga.</p> <p>I diskusjonen om kva barrierar som ligg bak den særdeles låge sivilsamfunnsdeltakinga blant polakkar i Noreg, har vi trekt fram seks slike barrierar. Desse handlar for det første om at integrering tar tid, og at polakkar er ei relativt ny innvandrargruppe i Noreg. Samtidig er spesielt den polske kulturen og tradisjonen for frivillig engasjement av heilt motsett karakter av den vi har i Noreg, noko som mellom anna inneber at polakkar har manglande kunnskap om og ein skepsis mot frivillig arbeid. Ein tredje barriere handlar om at polakkar i Noreg har ein arbeidssituasjon og ein økonomisk situasjon som set grenser for kor mykje tid og ressursar dei faktisk har til å engasjere seg. Polakkar i Noreg har òg ein fysisk, sosial og kulturell nærleik til Polen som gjer at dei kan leve eit tilnærma polsk liv i Noreg, utan å knyte seg til nordmenn og norsk kultur og samfunnsliv. Den katolske kyrkja i Noreg støttar også opp om dette ved å vere eit ledd som bind polakkar i Noreg saman. Kyrkja bidrar til å vedlikehalde polsk kultur og fellesskap i Noreg, men på ein måte som kan kome til å hindre den overskridande sosiale integreringa. Den viktigaste barrieren ser likevel ut til å vere det norske språket, noko få polakkar meistrar godt. Å kunne norsk er ein nøkkelfaktor for å kunne kommunisere og sosialisere med nordmenn og for å kunne delta i norsk samfunnsliv og i frivillige organisasjonar.</p> |
| <i>Emneord</i> Frivillig arbeid, tillit, stemmegiving, uformell omsorg, innvandrere, Polen |

Abstract

In this report, we follow up on the report "Organizational involvement among immigrants" (Eimhjellen & Arnesen, 2018) and further analyze the same data from Statistics Norway. Here, we investigate connections between volunteering and trust, between volunteering and political participation, and between volunteering and informal care among immigrants in Norway. Additionally, to follow the findings from the 2018 report on a particularly low level of participation among Poles in Norway, we discuss possible causes for this based on existing literature and interviews with representatives from Polish organizations in Norway.

The statistical analyses indicate that a connection exists between volunteering and trust among immigrants, and that participation in bridging organizations in particular is related positively to trust. Still, volunteering is not the most important factor related to trust level. Country of origin, language competence, immigration-related discrimination, age, and status are more important. Furthermore, we found a connection between volunteering and political participation (voting) among immigrants with Norwegian citizenship, supporting the idea of civic participation as being important in explaining political participation.

Finally, statistical analyses show a connection between volunteering and informal care among immigrants. Volunteers also are more likely to be involved in informal care, although the share of immigrants who participate in informal care is lower than in the majority population.

In the discussion on potential barriers that explain the particularly low level of volunteerism among Poles in Norway, we highlighted six barriers. First, integration takes time, and Poles are a fairly recent immigration group in Norway. Second, Poles' volunteerism culture is quite the opposite of the Norwegian variety, eliciting a lack of familiarity with and a scepticism towards volunteering among Poles. A third barrier concerns Polish Immigrants' working conditions and overall economic status in Norway, limiting time and resources to engage in volunteerism. Poles in Norway also have physical, social, and cultural proximity to Poland, enabling immigrants to lead an almost full Polish life in Norway without making any connections with Norwegians, Norwegian culture and Norway's social life. The Catholic Church supports this by functioning as a bonding link between Poles in Norway, potentially hampering social integration into Norwegian society. However, the most important barrier to civil-society participation and social integration for Polish immigrants in Norway seems to be language competence. Being able to communicate in Norwegian is a key factor for socializing with Norwegians and participating in Norwegian civil society and Norwegian society in general.

Index terms

Volunteering, trust, voting, informal care, immigrants, Poland

I denne rapporten følger vi opp rapporten *Organisasjonsengasjement blant innvandrere* (Eimhjellen og Arnesen, 2018) gjennom å analysere det same datagrunnlaget frå SSB vidare. Vi undersøker her samanhengar mellom frivillig arbeid og tillit, mellom frivillig arbeid og politisk deltaking og mellom frivillig arbeid og uformelt omsorgsarbeid blant innvandrere i Noreg. For å følgje opp funn frå 2018-rapporten om eit særdeles lågt engasjementsnivå blant polakkar diskuterer vi òg årsakene til og bakgrunnen for dette basert på eksisterande litteratur og intervju med representantar for polske frivillige organisasjonar i Noreg.

Analysane av SSB-data viser at det er ein samheng mellom frivillig arbeid og tillit blant innvandrere, og at særleg deltaking i såkalla overskridande organisasjonar, det vil seie organisasjonar som samlar personar på tvers av ulike kjenneteikn, har ein positiv samheng med tillit. Frivillig arbeid er likevel ikkje den viktigaste eller einaste faktoren som verkar inn på tillitsnivået. Her er landbakgrunn, språkkunnskap, årsak til innvandring, opplevd diskriminering, alder og status viktigare som forklaringar på tillitsnivå.

ISBN (print): 978-82-7763-652-8
ISBN (online): 978-82-7763-653-5

ISSN (print): 1891-2168
ISSN (online): 1891-2176

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o ISF
Munthes gate 31
Pb. 3233 Elisenberg
0208 Oslo

www.sivilsamfunn.no